



Møteinnkalling

Utval:	Kvam herad, Kontrollutvalet
Møtestad:	Kvam rådhus, Heradsstyresalen
Dato:	17.04.2024
Tid:	09:00

Møteplan:

- Kl. 09.00 – 11.00 Kurs i regi av Deloitte innan «Innføring i rekneskap og momskompensasjon»
- Kl. 11.00 – 12.00 Rådmannen orienterer om
- Klage på byggesak bnr. 51 gnr. 12 og 160
 - Oppfølging av nummerert brev nr. 16 frå Deloitte
- Kl. 12.00 – 12.30 Lunsj
- Kl. 12.30 – Sakshandsaming

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er ved **å ringa** til Roald Breistein, tlf. 97 50 51 52 eller til Hogne Haktorson, tlf. 911 05 982.

Til varamedlemar er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.
Dersom det vert aktuelt at varamedlemar må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Trygve Vik
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Kopi: Vararepresentantar til kontrollutvalet
Ordførar
Revisor
Rådmann

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 3/24	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 4/24	Godkjenning av møteprotokoll frå møte 20.02.2024	2023/427	
	Politiske saker		
PS 12/24	Rådmannen orienterer om sitt syn på klage på byggesak bnr 51 gnr 12 og 160	2024/47	
PS 13/24	Rådmannen orienterer om oppfølging av nummerert brev nr. 16 frå Deloitte	2023/430	
PS 14/24	Gjennomgang av møteprotokollar	2023/428	
PS 15/24	Eventuelt	2023/429	
	Referat saker		
RS 7/24	Retningslinjer for handtering av henvendingar til kontrollutvalet i Kvam herad - 150822	2023/419	
RS 8/24	Vedtak i HST 14.03.2024 - Forvaltningsrevisjon innanvedlikehald av offentlege bygg	2023/377	
RS 9/24	Vedtak i HST 14.03.2024 - Årsmelding for kontrollutvalet for 2023	2024/25	
RS 10/24	Vedtak i kontrollutvalet i Kvam herad 20.02.2024 - FKT-konferanse	2022/176	
RS 11/24	Nytt fra FKT februar 2024	2022/176	
RS 12/24	Nytt fra FKT april 2024	2022/176	
	Politiske saker		
PS 16/24	Konkurransetsetting av revisjonstenestene - Val av revisor	2023/359	

GK 3/24 Godkjenning av innkalling og sakliste



Saksframlegg

Saksnr: 2023/427-7

Saksbehandlar: Stian Skår Ludvigsen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kvam herad, Kontrollutvalet	4/24	17.04.2024

Godkjenning av møteprotokoll frå møte 20.02.2024

Forslag til vedtak

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 20.02.2024 vert godkjent.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Stian Skår Ludvigsen
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1 Møteprotokoll etter møte i kontrollutvalet i Kvam herad 20.02.2024.pdf

**Møteprotokoll**

Utval:	Kvam herad, Kontrollutvalet
Møtestad:	Kvam rådhus, Heradsstyresalen
Dato:	20.02.2024
Tid:	09:00 - 14:15

Følgjande faste medlemer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Trygve Vik	Leiar	SP
Borghild Storaas Ones	Nestleiar	AP
Bjarte Helland	Medlem	INP
Jan-Ove Fredheim	Medlem	FRP
Beate Gauden	Medlem	MDG

Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Følgjande varamedlemer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Merknader**Andre som møte**

Namn	Stilling
Anita Hesthamar	Rådmann, sak PS 1/24
Lars Ese Ur	Sjef for teknisk og informasjon/beredskapskontakt, sak PS 1/24
Silje Fossdal	Rekneskapsrevisor i Deloitte, t.o.m. sak PS 7/24
Espen Ringkjøb Stokke	Forvaltningsrevisor i Deloitte
Kjersti Gjuvsland	Forvaltningsrevisor i Deloitte, sak PS 10/24
Roald Breistein	Seniorrådgjevar i sekretariat for kontrollutvalet i Vestland fk

Trygve Vik
utvalsleiar

Roald Breistein
utvalssekretær

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Sakliste

Utvals-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off
Godkjenningssaker			
GK 1/24	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 2/24	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 30.11.2023	2023/427	
Politiske saker			
PS 1/24	Rådmannen orienterer om oppfølging av tilsynsrapport kommunal beredskap og helseberedskap	2024/26	
PS 2/24	Nummerert brev nr. 16 frå Deloitte gjeldande momskompensasjon for 5. termin 2023	2023/430	
PS 3/24	Forvaltningsrevisjon innan vedlikehald av offentlege bygg - Revisjonsrapport	2023/377	
PS 4/24	Møteplan for kontrollutvalet for 2024	2023/426	
PS 5/24	Årsmelding for kontrollutvalet i Kvam herad for 2023	2024/25	
PS 6/24	Oppfølging - Forvaltningsrevisjon innan kvalitet, kompetanse og sjukefråvær i barnehagar	2022/255	
PS 7/24	Kurs i regi av Deloitte våren 2024	2023/424	
PS 8/24	Gjennomgang av møteprotokollar	2023/428	
PS 9/24	Eventuelt	2023/429	
Referat saker			
RS 1/24	Nytt fra FKT november 2023	2022/176	
RS 2/24	FKT - medlemsinformasjon desember 2023	2022/176	
RS 3/24	Årsmelding mobbeombodet i Vestland 2022-2023	2023/423	
RS 4/24	Invitasjon til FKTs fagkonferanse 4. – 5. juni 2024	2022/176	
RS 5/24	Tilsynsrapport Kvam herad sitt arbeid for å sikre trygt og godt skulemiljø	2024/26	
RS 6/24	Rekneskapsresultat 2023 og vedekte budsjett 2024 for kontrollutvalet	2024/43	
Politiske saker			
PS 10/24	Plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll for perioden 2024 - 2028 - Prosessmøte 1	2023/398	
PS 11/24	Konkurranseutsetting av revisjonstenestene for Kvam herad - Arbeidsmøte	2023/359	

GK 1/24 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll 20.02.2024 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Representanten **Bjarte Helland (INP)** tok opp at kvaliteten på møteinnkallinga er uklår og ikkje enkel å lese. Sekretariatet orienterte om at når sak/ arkivsystemet produserte denne møteinnkallinga vart storleiken på heile 124 MB. Så store filar kan ikkje sendast som vedlegg til ein e-post. Difor måtte sekretariatet ved hjelp av PDF-verktøy redusere filstorleiken, og då vart den på 15 MB, slik at den lot seg gjera å sende. Sekretariatet har tatt dette opp med leverandøren av sak/ arkivsystemet fleire gonger utan at dei til no har klart å løyse problemet. Saka vert av sekretariatet følgd opp vidare med leverandøren.

Det kom ikkje fram noko meir i denne saka.

Vedtak

Innkalling og sakliste vart samrøystes vedteke.

GK 2/24 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 30.11.2023

Forslag til vedtak

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 30.11.2023 vert godkjent.

Saksprotokoll 20.02.2024 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det kom ikkje fram noko i denne saka.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 30.11.2023 vert godkjent.

PS 1/24 Rådmannen orienterer om oppfølging av tilsynsrapport kommunal beredskap og helseberedskap

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet merkar seg at Kvam herad er komme godt i gang med å lukke dei to lovbrota som kom fram i dette tilsynet, men at det framleis står att noko arbeid før forbetnings-arbeidet er ferdig gjennomført.
2. Kontrollutvalet ber rådmannen om å komme med ny skriftleg orientering om status i denne saka til møte i utvalet i mai 2024, med frist for levering til sekretariatet innan 16.04.2024.

Saksprotokoll 20.02.2024 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Rådmann, Anita Hesthamar, og sjef for teknisk og informasjon/beredskapskontakt, Lars Ese Ur, orienterte om status for oppfølging av tilsynsrapport «Rapport etter tilsyn med kommunal beredskapsplikt og helseberedskap i Kvam herad 25. april 2023 og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

På bakgrunn av det kom fram i orienteringa at tilbakemeldinga til Statsforvaltaren ville bli forseinka vart kontrollutvalet samde om utsette ny tilbakemelding til møte 10.09.2024 med frist for å levere til sekretariatet innan 20.08.2024.

Presentasjonen vart send kontrollutvalet etter møtet.

Med denne endringa i punkt 2 vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet merkar seg at Kvam herad er komme godt i gang med å lukke dei to lovbrota som kom fram i dette tilsynet, men at det framleis står att noko arbeid før forbetningsarbeidet er ferdig gjennomført.
2. Kontrollutvalet ber rådmannen om å komme med ny skriftleg orientering om status i denne saka til møte i utvalet 10.09.2024, med frist for levering til sekretariatet innan 20.08.2024.

PS 2/24 Nummerert brev nr. 16 frå Deloitte gjeldande momskompensasjon for 5. termin 2023

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet ber rådmannen om å komme i møte i april 2024 for å gjera greie for kva som er gjort for å bringe i orden vurdering og dokumentasjon når det gjeld fakturaer knytt til utleige av bustader med helse- eller sosiale føremål.

Saksprotokoll 20.02.2024 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Rekneskapsrevisor i Deloitte, Silje Fossdal, gjorde greie for for bakgrunnen for det nummererte brevet og svarte på spørsmål fra kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet ber rådmannen om å komme i møte i april 2024 for å gjera greie for kva som er gjort for å bringe i orden vurdering og dokumentasjon når det gjeld fakturaer knytt til utleige av bustader med helse- eller sosiale føremål.

PS 3/24 Forvaltningsrevisjon innan vedlikehald av offentlege bygg - Revisjonsrapport

Forslag til innstilling

På bakgrunn av forvaltningsrevisjonsrapport innan vedlikehald av offentlege bygg i Kvam herad, ber heradsstyret rådmannen om å:

1. Utarbeide ein vedlikehaldsstrategi som er politisk forankra og som inneheld Kvam herad sine ambisjonar for tilstand på kommunale føremålsbygg og korleis kommunen skal arbeide for å oppnå og oppretthalde denne tilstanden.
2. Sikre ei tydeleg rolle- og ansvarsfordeling mellom eigar, forvaltar og brukar av dei kommunale bygga.
3. Etablere system og rutinar som legg til rette for kommunikasjon og samhandling mellom eigar, forvaltar og brukarar av kommunale bygg, for å sikre betre informasjonsflyt internt i administrasjonen og til/frå dei folkevalde.
4. Gjera ei nærare vurdering av kapasitet og kompetanse og vurdere kva tilnærming som er mest kostnadseffektiv når det gjeld å sikre naudsynt kapasitet for å kunne ivareta eit tilfredsstillande vedlikehald av den kommunale bygningsmassen.
5. Systematisere arbeidet med gjennomføring av tilstandsvurderingar av bygga, og vurdere å etablere rutinar for jamlege vedlikehaldsrundar/synfaringar der både forvaltar og brukar av bygga er representert.
6. Sørge for at det blir utarbeidd ei fullstendig og oppdatert oversikt over vedlikehaldsetterslep knytt til heradet sin bygningsmasse.
7. Lage ein handlingsplan til kontrollutvalet innan 05.08.2024 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgje opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Saksprotokoll 20.02.2024 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Forvaltningsrevisor i Deloitte, Espen Ringkjøb Stokke, presenterte resultatet av den gjennomførte forvaltningsrevisjonen og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Kontrollutvalet ber om at Deloitte får 15 minuttar til å presentere "Forvaltningsrevisjonsrapport innan vedlikehald av offentlege bygg" i starten av heradsstyremøte 14.03.2024.

Forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

På bakgrunn av forvaltningsrevisjonsrapport innan vedlikehald av offentlege bygg i Kvam herad, ber heradsstyret rådmannen om å:

1. Utarbeide ein vedlikehaldsstrategi som er politisk forankra og som inneheld Kvam herad sine ambisjonar for tilstand på kommunale føremålsbygg og korleis kommunen skal arbeide for å oppnå og oppretthalde denne tilstanden
2. Sikre ei tydeleg rolle- og ansvarsfordeling mellom eigar, forvaltar og brukar av dei kommunale bygga.
3. Etablere system og rutinar som legg til rette for kommunikasjon og samhandling mellom eigar, forvaltar og brukarar av kommunale bygg, for å sikre betre informasjonsflyt internt i administrasjonen og til/frå dei folkevalde.

4. Gjera ei nærare vurdering av kapasitet og kompetanse og vurdere kva tilnærming som er mest kostnadseffektiv når det gjeld å sikre naudsynt kapasitet for å kunne ivareta eit tilfredsstillande vedlikehald av den kommunale bygningsmassen.
5. Systematisere arbeidet med gjennomføring av tilstandsvurderingar av bygga, og vurdere å etablere rutinar for jamlege vedlikehaldsrundar/synfaringar der både forvaltar og brukar av bygga er representert.
6. Sørge for at det blir utarbeidd ei fullstendig og oppdatert oversikt over vedlikehaldsetterslep knytt til heradet sin bygningsmasse.
7. Lage ein handlingsplan til kontrollutvalet innan 05.08.2024 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgje opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

PS 4/24 Møteplan for kontrollutvalet for 2024

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet i Kvam herad legg opp til slik møteplan for 2024:

Dato:
20.02.2024 – under avvikling
17.04.2024
07.05.2024
10.09.2024
22.10.2024
03.12.2024

Saksprotokoll 20.02.2024 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Sekretariatet gjorde greie for bakgrunnen for forslag til møteplan for kontrollutvalet for 2024 og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet i Kvam herad legg opp til slik møteplan for resten av 2024:

- 17.04.2024
- 07.05.2024
- 10.09.2024
- 22.10.2024
- 03.12.2024

PS 5/24 Årsmelding for kontrollutvalet i Kvam herad for 2023

Forslag til innstilling

Heradsstyret godkjenner årsmelding 2023 for kontrollutvalet i Kvam herad.

Saksprotokoll 20.02.2024 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Heradsstyret godkjenner årsmelding 2023 for kontrollutvalet i Kvam herad.

PS 6/24 Oppfølging - Forvaltningsrevisjon innan kvalitet, kompetanse og sjukefråvær i barnehagar

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tar tilbakemeldinga frå rådmannen når det gjeld forvaltningsrevisjon kvalitet, kompetanse og sjukefråvær i barnehage i Kvam herad så langt til orientering.
2. Kontrollutvalet ber om å få tilsendt ny skriftleg status på oppfølging av forvaltningsrevisjonen for punkta 1, 2, 5, 6 og 7 til første møte i utvalet etter sumaren 2024.
3. Tilbakemeldinga vert å sende sekretariat innan 20.08.2024.

Saksprotokoll 20.02.2024 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedlegg

1. Kontrollutvalet tar tilbakemeldinga frå rådmannen når det gjeld forvaltningsrevisjon kvalitet, kompetanse og sjukefråvær i barnehage i Kvam herad så langt til orientering.
2. Kontrollutvalet ber om å få tilsendt ny skriftleg status på oppfølging av forvaltningsrevisjonen for punkta 1, 2, 5, 6 og 7 til første møte i utvalet etter sumaren 2024.
3. Tilbakemeldinga vert å sende sekretariat innan 20.08.2024

PS 7/24 Kurs i regi av Deloitte våren 2024

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber om at Deloitte gjennomfører kurs innan i samband med møte i kontrollutvalet i april 2024.
2. Sekretariatet vert beden om å ta seg av alt det praktiske med organisering, kunngjering og avvikling av kurset, gjerne i samarbeid med administrasjonen i Kvam herad.

Saksprotokoll 20.02.2024 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Kontrollutvalet kom fram med slike forslag til kurs i regi av Deloitte: Bestilling av forvaltningsrevisjon, innføring i rekneskap og momskompensasjon, GDPR.

Etter felles diskusjon vart kontrollutvalet samde om å be Deloitte om å halde kurs innen "Innføring i rekneskap og momskompensasjon" i forbindelse med møte 17.04.2024.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ber om at Deloitte gjennomfører kurs innan "Innføring i rekneskap og momskompensasjon" i samband med møte i kontrollutvalet 17.04.2024.
2. Sekretariatet vert beden om å ta seg av alt det praktiske med organisering, kunngjering og avvikling av kurset, gjerne i samarbeid med administrasjonen i Kvam herad.

PS 8/24 Gjennomgang av møteprotokollar

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksframstillinga til orientering.

Saksprotokoll 20.02.2024 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

I dette møtet vart desse møteprotokollane gjennomgått:

- Heradsstyret 07.12.2023 og 01.02.2024
- Formannskapet 25.01.2024
- Miljø, plan og bygningsutval 24.01.2024

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksframstillinga til orientering.

PS 9/24 Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak

Saksprotokoll 20.02.2024 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det kom ikkje fram noko i denne saka.

Vedtak

Det vart ikkje gjort vedtak i saka.

RS 1/24 Nytt fra FKT november 2023

Saksprotokoll 20.02.2024 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 2/24 FKT - medlemsinformasjon desember 2023

Saksprotokoll 20.02.2024 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 3/24 Årsmelding mobbeombodet i Vestland 2022-2023

Saksprotokoll 20.02.2024 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 4/24 Invitasjon til FKTs fagkonferanse 4. – 5. juni 2024

Saksprotokoll 20.02.2024 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Etter felles diskusjon vart kontrollutvalet samde om at Trygve Vik og Borghild Storaas Ones kan delta på Forum for kontroll og tilsyns (FKT) fagkonferanse på Gardermoen 04. - 05.06.2024. Den enkelte sørger for påmelding og bestilling av billetter sjølv.

Kontrollutvalet ber om at deltakarane informerer dei andre i utvalet i møte 10.09.2024 om hovudinnhaldet i konferansen.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Trygve Vik og Borghild Storaas Ones kan melde seg på Forum for kontroll og tilsyns (FKT) fagkonferanse på Gardermoen 04. - 05.06.2024.
2. Den enkelte sørger for påmelding og bestilling av billetter sjølv.
3. Kontrollutvalet ber om at deltakarane informerer dei andre i utvalet i møte 10.09.2024 om hovudinnhaldet i konferansen.

RS 5/24 Tilsynsrapport Kvam herad sitt arbeid for å sikre trygt og godt skulemiljø

Saksprotokoll 20.02.2024 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Etter felles diskusjon vart kontrollutvalet samde om å be rådmannen orienterer både munnleg og skriftlig i møte 07.05.2024 om status for lukking av pålegga som kjem fram i punkt 6 denne tilsynsrapporten.

Etter dette vart det gjort slikt samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ber rådmannen orientere både munnleg og skriftlig i møte 07.05.2024 om status for lukking av pålegga som kjem fram i punkt 6 tilsynsrapport "Kvam herad sitt arbeid for å sikre trygt og godt skulemiljø".
2. Den skriftlege tilbakemeldinga må også innehalde den korrespondansen mellom Kvam herad og Statsforvaltaren etter 15.12.2023 i denne saka.
3. Den skriftlege tilbakemeldinga vert å sende sekretariatet innan 16.04.2024.

RS 6/24 Rekneskapsresultat 2023 og vedekte budsjett 2024 for kontrollutvalet

Saksprotokoll 20.02.2024 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

PS 10/24 Plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll for perioden 2024 - 2028 - Prosessmøte 1

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek, på bakgrunn av prosessmøte 1, risiko- og vesentlegvurderinga (ROV) gjeldande forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll så langt til orientering.

Saksprotokoll 20.02.2024 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Forvaltningsrevisorane i Deloitte, Espen Ringkjøb Stokke og, Kjersti Gjuvsland, gjennomførte prosessmøte 1 der kontrollutvalet fekk høve til å diskutere og vurdere risikoar innanfor heradet sine ansvarsområde og knytt til drifta i selskapa der heradet har eigarinteresser ved hjelp av eit risikospel.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tek, på bakgrunn av prosessmøte 1, risiko- og vesentlegvurderinga (ROV) gjeldande forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll så langt til orientering.

PS 11/24 Konkurransetsetting av revisjonstenestene for Kvam herad - Arbeidsmøte

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet vurderer evalueringa frå sekretariatet som eit godt grunnlag til vidare arbeid til sak i neste møte.

Saksprotokoll 20.02.2024 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Sidan tilboda inneheld informasjon av konkurransemessig betydning for tilbydarane er informasjonen unnateke offentleggjering, jf. offl.13, jf. forvl. § 13. Møtet vart difor lukka med heimel i kommunelova § 11-5 under handsaming av denne saka.

Sekretariatet presenterte resultatet av evalueringa av dei inkomne tilboda og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet. På bakgrunn av denne presentasjonen gjorde utvalet ei vurdering av tilboda. Resultatet av arbeidsmøtet vil danne grunnlag til innstillinga til heradsstyret som skal handsamast i neste møte i kontrollutvalet.

Vedtaket i saka og vedtaket om lukking av møtet under behandling av saka var samrøystes.

Vedtak

Kontrollutvalet vurderer evalueringa frå sekretariatet som eit godt grunnlag til vidare arbeid til sak i neste møte.



Saksframlegg

Saksnr: 2024/47-10
Saksbehandlar:Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kvam herad, Kontrollutvalet	12/24	17.04.2024

Rådmannen orienterer om sitt syn på klage på byggesak bnr 51 gnr 12 og 160

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek rådmannen sin informasjon til orientering og seier seg ferdig med saka.

Samandrag

Føremålet med denne saka er at rådmannen orientere om sitt syn på klagesak gjeldande byggesak bnr. 51 gnr. 12 og 160.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Klage på byggesak 51_12-160
- 2 Godkjent rammeløyve til tiltak på gnr. 51 bnr. 12, 160 på Laupsa i Øystese. Bustadhus(921751).pdf
- 3 Informasjon til kontrollutvalet ang. ein klage på byggesak på gnr. 51 bnr. 12 og 160.pdf
- 4 Svar på spørsmål til byggesak på gnr. 51 bnr. 12 og 160, Laupsa..pdf
- 5 Notat gjeldande grenser og tiltak i sjø og vassdrag.pdf
- 6 Svar på spørsmål om tiltak på gnr. 50 bnr. 12, 160 på Laupsa..pdf
- 7 Fullmakt gnr. 51 bnr. 2.pdf
- 8 Matrikkelbrev gnr. 51 bnr. 160.pdf
- 9 Matrikkelbrev gnr. 51 bnr. 12.pdf
- 10 Habilitetsvurdering.pdf

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kvam herad ved byggesak og geodata og kontrollutvalet har motteke vedlagte henvending frå Anita Laupsa dagsett 01.03.2024 (vedlegg 1). Ein liten del på slutten av dokumentet er sladda av di det inneheld personopplysningar, jf. offl § 13, jf. fvl. § 13 1-lekk.

Sekretariatet sende slikt førebels svar 05.03.2024:

«Sekretariat for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune er engasjert som sekretariat for kontrollutvalet i Kvam herad.

Kontrollutvalssekretariatet har på vegne av kontrollutvalet i Kvam herad motteke henvendinga di dagsett 01.03.2024 gjeldande klage på byggesak 51/12-160. Alle henvendingar til kontrollutvalet vert journalførte som innkomen post med namn på avsendar(-ar). Vi gjer merksam på at det ikkje er trygt å sende sensitive personopplysningar på e-post.

Henvendinga di vert lagt fram for kontrollutvalet til vurdering i møte 17.04.2024. Vi har også bede rådmannen om å komme i dette møtet for å orientere kontrollutvalet om sitt syn på klagen.

Utan at vi har vurdert henvendinga di, vil vi på generelt grunnlag seie at det i hovudsak er utanfor kontrollutvalet sitt mandat og reglement å behandle enkeltsaker, henvendingar som m.a. gjeld klagesaker, saker som er til behandling i rettsapparatet, usemje i politiske vedtak eller varsel etter Arbeidsmiljøloven kap. 2a.

Vi gjer deg merksam på at kontrollutvalet kun har plikt til å behandle dei saker som heradsstyret ber dei om, eller der det går fram av kommunelova kapittel 23 og 24 <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2018-06-22-83> og forskrift om kontrollutval og revisjon i kommunar <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2019-06-17-904>. Når det gjeld henvendingar frå andre enn heradsstyret, må kontrollutvalet sjølve vurdere om dei vil prioritere å sjå nærare på det henvendinga tek opp.

Vi gjer også merksam på at kontrollutvalet ikkje er eit forvaltningsorgan som fattar enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2. Personar som henvender seg til kontrollutvalet er ikkje å rekne som part i ei eventuell påfølgjande kontrollsak. Det vil difor ikkje vera klagerett på vedtak gjort av kontrollutvalet, eller andre partsrettar etter forvaltningslova § 28 knytt til vedtak gjort av utvalet.

Du vil etter behandlinga i kontrollutvalet verta orientert om vedtaket, men som det går fram over vil du ikkje ha klagerett på vedtaket.»

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i sak der utvalet vil innhente informasjon, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

Etter at vi hadde motteke denne henvendinga sende vi slik e-post til rådmannen 05.03.2024:

«Vi viser til e-posten nedanfor.

I samråd med leier i kontrollutvalet i Kvam herad, Trygve Vik, er det ønskjeleg at rådmannen kjem i møte i utvalet 17.04.2024 for å orientere om sitt syn på denne klagesaka. Det gjeld både i høve sjølve klagen og når det gjeld spørsmål om interessekonflikt som er stilt i e-posten.

Det er også fint om vi kan få tilsend ei lenkje til den aktuelle byggesaka slik at vi kan lese oss opp på den.»

Som svar på denne e-posten har vi motteke desse to lenkjene som utvalet kan lese seg opp på før møtet:

- Lenkje til byggesak: [Arkivsak 22/2141 - Aashild Grønsberg - Søknad om dispensasjon til tiltak på gnr 51 bnr 12 og 160, Laupsa. Riving. Nybygg. Bustad/atilier/utstilling - Kvam herad - Nettsider for Kvam herad \(www.kvam.no\)](#)
- Lenkje til dispensasjonssøknad: [Arkivsak 16/88 - Aashild Grønsberg - Søknad om dispensasjon til tiltak på gnr 51 bnr 12,160, Laupsa. Riving. Nybygg.Bustad/atilier/utstilling - Kvam herad - Nettsider for Kvam herad \(www.kvam.no\)](#)

Vidare har vi motteke godkjent rammeløyve som ligg ved som vedlegg 2.

Den 04.04.2024 mottok vi brevet «Informasjon til kontrollutvalet ang. ein klage på gnr. 51 bnr. 12 og 160» med 7 vedlegg frå Kvam herad, jf. vedlegg 3 – 10.

Vedlegg 4 «Svar på spørsmål til Byggesak på gnr. 51 bnr. 12 og 160, Laupsa» inneheld svar frå Kvam herad til Anita Laupsa på hennar spørsmål i brev dagsett 01.03.2024 (vedlegg 1). Vedlegga 5 – 10 underbygger argumentasjonen i svaret.

Etter sekretariatet si meining har Kvam herad svart ut spørsmåla på ein god måte, inkludert spørsmålet om ei eventuell interessekonflikt. Slik vi ser det er konklusjonane godt grunngeve og dokumentert i vedlegga.

Sekretariatet kan likevel ikkje sjå at det går fram av svaret til Laupsa om ho eventuelt kan ha klagemoglegheiter på svaret.

Av sekretariatet sitt svar til Anita Laupsa dagsett 05.03.2024 går det m.a. fram at:

«det i hovudsak er utanfor kontrollutvalet sitt mandat og reglement å behandle enkeltsaker, henvendingar som m.a. gjeld klagesaker mv.»

På bakgrunn av dette, og at Kvam herad etter sekretariatet si meining ha svart ut spørsmåla frå Laupsa på ein grundig måte, bør kontrollutvalet ikkje gå vidare med saka.

Det er avtalt at rådmannen kjem i dette møtet for å orientere munnleg om saka.

Konklusjon

Dersom det ikkje kjem fram noko nytt i rådmannen si munnlege orientering, i tillegg til den skriftlege informasjonen som ligg ved saka, tilrår sekretariatet at kontrollutvalet tek informasjonen til orientering og seier seg ferdig med saka.

Fra: [Anita Laupsa](#)
Til: [Kvam herad](#); bjvi@kvam.kommune.no
Kopi: linga@hf.no; trygvi@kvam.kommune.no; [Roald Breistein](#); [Reidun Langåker](#)
Emne: Klage på byggesak 51/12-160
Dato: fredag 1. mars 2024 12:55:33

Det er ikke ofte du mottar e-post fra anita_laupsa@hotmail.com. [Finn ut hvorfor dette er viktig.](#)

Til Kvam herad

v/ Bjørn Vik, Fagleiar for byggesak og geodata og Kontroll-utvalet.

I forhold til byggesaken på 51/12-160, og som eneste og nærmeste nabo, mener vi at det er begått urett. Turid Laupsa står i dag i en jordskifterett med 51/12-160 fordi grensene er usikre. Vil det si at man har gitt byggetillatelse uten at grensene er sikre? Dette nybygget er kommet opp 1 meter fra grensen. Byrde-fordelingen i en byggesak er normalt 4 meter fra grensen på begge sider. Hvorfor får motparten lov til å bygge 1 meter fra, på alle sider mot naboeiendom 51/2? Er det dette som er vanlig praksis i Kvam?

Når det gjelder sjø-tilgangen til 51/2, mellom 51/12 og 51/56, er det tegnet inn en opptrekk av båt/naust ift reguleringsplanen for 51/2. Hvorfor får de bygge så nært, når det er tegnet inn et opptrekk av båt/naust der? Hvordan tenker du byrdefordelingen?

Siden Kvam Herand skal ha promenade langs stranden hele veien gjennom Laupsa, hvorfor får de lov til å bygge/utvide den private kaien, og dermed hindre allmenn ferdsel gjennom strandsonen? Tiltaket vil være til hinder for den offentlige promenaden til Kvam.

I forbindelse med 51-12/160 sin hjemkomst annonserer hun tema-kvelder i atliet (se HF 15.02.2024) Hvor har de tenkt gjeste-parkeringen? Dere må huske at 51/2 er NLF og jordvernet bør stå sterkt og parkeringsplasser er ikke aktuelt å gi på 51/2. De eier kun 1 meter på hver side av bygget og vei løyve gjelder ikke offentlig gjennomgang eller parkering. Veien er privat tilhørende 51/2. Dessuten har det vært umulig å få ut dokumentasjon på arbeid på veien utført av 51/12-160, selv om Turid er eier av veien. Dere som offentlig myndighet bør kunne kreve dokumentasjon på utført arbeid på annen eiendom når vi ikke når fram. Håper dere gjør det, da vi allerede ser tegn på at løsjord raser ned i veien. Tiltakshaver Vangdal mente visstnok at entrepenør Seljebotnen skrev dokumentasjonen på matpapir i gravemaskinen. Ingen dokumentasjon er forlagt eier av vei 51/2 og tiltakshaver bare ler det vekk, når jeg etterspør samsvars-erklæring på utført arbeid.

Kollektorslangen som skal ut 1 meter fra grensen: vi spør «Hvis Kvam Herad gir eier av 51/12-160 adgang til å legge kollektorslangen 1 meter fra grensen, så må kommunen/eier ta det økonomiske ansvar, dersom det oppstår skader på kollektorslangen eller båter ved oppankring/opptrekk». Hvorpå du svarer – «Kvam herad er ikkje økonomisk ansvarleg for tiltak på gnr. 50 bnr. 12 eller bnr. 160». Hvem har ansvaret? Det bør du kunne svare på. Hva er vanlig praksis? Eller skal vi nektes i neste omgang med å bygge ut naust/båtplass? Kanskje du kunne tenkt å trekke den 4m fra grensen som er normal byrdefordeling? Det burde du gjort med huset også.

Når andre spør om hytteløyve i Kvam så får de beskjed om «ingen lausrevne hytter kringom». Eier av 51/12 opplyser offentlig om at hun ikke er interessert i å bo fast på Laupsa. Dette gjør hun i Hardanger Folkeblad 15.02.2024. Er dette en stor hytte eller bolig? Er i så fall dette i samsvar med dispensasjons-søknaden, der det står at hun akter å

flytte til Kvam.

I forbindelse med påbegynt reguleringsplan på 51/2 var din far Bjarne Vik sterkt involvert som pådriver og planlegger. Ser du ikke noen interessekonflikter i forbindelse med denne sakshåndtering? Og hvorfor tar du på deg denne saken? Vi føler du har gitt de løyve til alt, uten at det blir stilt krav og spørsmål. Virker som det er stor grad av hvilken posisjon og innflytelse man innehar, eventuelt gammelt nag. De er nå et betimelig spørsmål når din far har vært så involvert i reguleringsplanen til min mor! Planen er i dag havarert og mange har tapt penger, og til opplysning er det gjeld på garden i dag, som det aldri har vært tidligere! Hvis du mener din far har tapt/brukt penger på reguleringsplanen el.skulle hatt noe godtgjørsle for tjenestene, så kan vi opplyse om at ingen involverte har mottatt/tjent så mye som en krone fra denne planen!

Kan du komme med et utfyllende svar angående habiliteten din og hvordan du vurderer den?

Dette har vært etter min mening en elendig byggesaks-håndtering, hvor vi sender henvendelse uten å få svar, samt når nær slekt ringer for å få spørsmål om håndteringen slenges røret på [REDACTED]

[REDACTED] Først etter brev, purring på brev og etterlysning via telefon til Kvam Herand, gjør du deg til kjenne via e-post som saksbehandler. Vi har sendt flere e-poster som du kunne gitt deg til kjenne på.

Med hilsen

Anita Iren Laupsa/

for grunneier Turid Laupsa

Kvam herad

Sakspapir

SAKSGANG

Styre, utval, komite m.m.	Saknr
Delegert rådmannen	199/19

Avgjerd av: Rådmannen	Dato: 28.06.2019	Arkiv: N-511, TYPE-A, GBNR- 051/0012, GBNR- 051/0160	Arkivsaknr
Saksh.: Bjørn Vik		Objekt:	16/88 - 55

Godkjent rammeløyve til tiltak på gnr. 51 bnr. 12, 160 på Laupsa i Øystese. Bustadhus

Samandrag:

Rådmannen godkjenner søknad om rammeløyve til riving av eksisterande bustadhus og verkstad samt endra teikningar for oppføring av nytt bustadhus med atlier/
skulptursamling/naust på gnr 51, bnr 12,160 på Laupsa i Øystese. Tiltaket ligg innafor råma av gjeldande dispensasjon NPB 079/16 vedtatt 22.11.2016. Avgjerda er tufta på følgjande;

Søknad.

- Søknad om rammeløyve datert 09.05.2019
- Opplysningar om ytre rammer etc vedlegg A1
- Følgjebrev datert 10.05.2019
- Gjenpart av nabovarsel datert 09.05.2019

Beskriv nærare kva nabovarslet gjeld

Viser til arkivsak 16/88-19 der det vart gjeve dispensasjon frå strandsonevernet. Det var knytt fleire vilkår til dispensasjonen, desse er i brev frå Kvam herad 24.05.17, arkiv 16/88-52, stadfesta oppfylt. Dette nabovarslet gjeld difor endra teikningar for ny bygningsmasse. Alle vilkår som er sett i dispensasjonen er og oppfylt i nye bygg og minsteavstand til nabogrense er som før.

- Kvittering for nabovarsel mottatt og godkjent av nabo 09.05.2019.
- Fråsegn datert 09.05.2019 om plassering bustad m/parkering og naust inntil 1 meter frå gnr. 51 bnr. 2.
- Teikningar og situasjonskart datert 08.05.2019
- Gjennomføringsplan versjon 1 datert 08.05.2019

Tidlegare vedtak

Vedtak og dispensasjon og byggjeløyve NPB024/16 og endra vedtak NPB079/16.

Arealdata – utbygd areal (BYA), bruttoareal (BTA) og bruksareal (BRA):

Naust	48 m2	48 m2	41 m2
Bustadhus			
U.et	117 m2	117 m2	105 m2
H.et	7 m2 ^{ooa}	157 m2	139 m2 +7 m2 ^{ooa}
T.et		36 m2	30 m2
Atilier	37 m2	37 m2	33 m2
Sum	202+7m2	395 m2	348+7m2

Avstandar framstår som uproblematiske fordi det ligg føre naboerklæring om plassering 1 m frå eigedomsgrensa til gnr 51 bnr 2, og det er gitt dispensasjon frå strandsonevernet i pbl § 1-8.

Gjeldande plangrunnlag

"Arealdelen til kommuneplanen" godkjent av Kvam heradsstyre i møte 13.juni 2006 i sak 058/06. Eigedomen er i bandlagt område i kommuneplanen, som betyr at arealet ikkje har arealføremål. Dermed gjeld kun plan og bygningslova § 1-8. Det er gitt dispensasjon frå strandsonevernet. Tiltaket er vurdert til å vere innanfor råma av dispensasjonsvedtaket NPB 079/17.

Merknad frå naboar

Naboar er varsla slik lova krev. Rådmannen kjenner ikkje til nabomerknadar i saka.

Utforming og visuelle kvalitetar PBL § 29-1 og 2

Rådmannen vurderer at tiltaket ligg godt innanfor dei råmer plan og lov set.

Grunntilhøve, rasfare og miljøtilhøve, jf. § 28 i plan- og bygningslova

I søknad er det kryssa av for at det ligg føre tilstrekkeleg tryggleik mot fare og vesentleg ulempe som følgje av grunnforhold, rasfare, flaum m.v.

NGI- og NVE-aktsemdkart med potensiell fare for skred/steinsprang råkar ikkje eigedomen.

Etter avklaring med arkitekt Vangdal pr tlf 28.06.2019 er naustet plassert i sikkerheitsklasse F1 med største nominelle årlege sannsyn for flo er 1/20.

Ut frå Statens kartverk sine data for høyyvann med 20 års gjentaksintervall er 115 cm over NN2000.

Bakkant av naustet plassert 170 cm over NN2000, og framkant om lag 120 cm over NN2000. Naustet skal byggast i betong.

Rådmannen vurderer at det er tilstrekkeleg tryggleik mot stormflo og godkjenner høgdeplassering av naustet. Resten av bygningsmassen er over godt over flomålet med tanke på forventa havnivåstigning. Vilåret for naustet er bygget og grunnen vert dimensjonert og sikra mot stormflo.

Naturmangfaldlova

Tiltaket kjem ikkje i konflikt med naturmangfaldlova, jf. naturbase og artskart 1.6.

Vatn og avløp

Offentleg vatn og privat avløp vert vidareført.

Rådmannen sitt vedtak:

Det vert med heimel i plan- og bygningslova § 20-2, jf. §§ 20-3, 21-2 og 20-1 a), gjeve rammeløyve for riving av eksisterande bustad og verkstad samt oppføring av nytt bustadhus med atelier/skulptursamling/naust på gnr 51, bnr 12,160 på Laupsa i Øystese.

Løyve vert gjeve på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist på godkjent situasjonsplan. Toleransekravet for plassering i horisontalplanet er +/-50 cm., forutsett at minsteavstandar i § 29-4 i plan- og bygningslova naboerklæring ikkje vert krenka. Vertikal toleranse er sett til +/- 20 cm.
2. Når bygningen er utsett / grunnmur er støypt skal plassering koordinatfestast . Data må og innehalda plassering av evt. nye vatn- og avløpsleidningar inkl. stoppekran og tilkoplingspunkt. Arbeidet kan utførast av kommunen eller føretak som er godkjent for oppmålingsteknisk prosjektering og utføring.

I samband med søknad om ferdigattest skal data om tiltakets plassering slik det er utført leverast kommunen for ajourføring av kartdatabase. Data skal leverast som ei digital koordinat-fil eller etter SOSI - standard.

3. Vilåret for naustet er bygget og grunnen vert prosjektert og dimensjonert og sikra mot stormflo.
4. Avfallsplan og miljøsaneringsplan skal ligge føre før igangsetting av rivearbeidet jamfør pbl § 29-8og TEK17 § §9-6 og § 9-7.

Godkjende teikningar

- Situasjonsplan M 1:1000 datert 080519 vedlegg D1
- Situasjonsplan M 1:200 datert 080519 vedlegg D2
- Plan naust M 1:100 datert 080519 vedlegg E1
- Plan bustad underetasje M 1:100 datert 080519 vedlegg E2
- Plan bustad hovudplan M 1:100 datert 080519 vedlegg E3
- Plan bustad toppetasje M 1:100 datert 080519 vedlegg E4
- Snitt M 1:100 datert 080519 vedlegg E5
- Fasade SV M 1:100 datert 080519 vedlegg E6

- Fasade NV M 1:100 datert 080519 vedlegg E7
- Fasade NA M 1:100 datert 080519 vedlegg E8

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at tiltaket vert utført i samsvar med krav gitt i plan- og bygningslova med forskrifter.

Vangdal Alv Martin Ark MNAL orgnr 970 288 732 erklærer ansvar for søkerrollen og ansvarleg prosjekterande for arkitektur og uteareal, plassering, bygningsfysikk i tiltaksklasse 1.

Vi minner om ansvarleg søkjar (SØK) sitt ansvar i samband med avslutning av prosjektet og framsending av "Søknad om ferdigattest", gjennomføringsplan, m.v. – jf. pbl. § 21-10 og SAK 10 §§ 8-1 og 8-2. Tiltaket kan ikkje takast i bruk før ferdigattest (evt. mellombels bruksløyve) ligg føre. Tilsyn med tiltaket vil kunne utførast inntil 5 år etter ferdigattest er gitt. Arealjusteringar som følgje av tiltaket vert ajourført i matrikkelen.

Klage

Det vert gjort merksam på at vedtaket kan påklagast, jf. § 1-9 i plan- og bygningslova og § 28 i forvaltningslova. Klagefrist er tre veker etter at melding om vedtak er motteke, jf. forvaltningslova §29. Klagen skal stilast til Fylkesmannen i Vestland, men sendast til Kvam herad.

Dersom tiltak vert sett i verk *for* klagefristen er gått ut, eller før det føreligg endeleg vedtak etter handsaming av eventuell klage, må tiltakshavar bera kostnadene med eventuell seinare retting av tiltaket.

Informasjon:

Dersom tiltaket ikkje er sett i gang seinast 3 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Jf. plan- og bygningslova § 21-9.

Det vert gjort merksam på at de med visse unntak har rett til å sjå dokumenta i saka, jf. forvaltningslova §§ 18 og 19. Skulle de ha ynskje om innsyn kan Kvam herad kontaktast eller de kan nytta tenesta "Innsyn" på vår heimeside.

Liste med vedlegg som det er referert til eller sitert frå i saksframstillinga:

Andre dokument i saka:

22.05.2019 Søknad om rammeløyve på gnr 51 bnr 12-160
 28.11.2018 Oppfølging av etterlysing av godkjende teikningar med brygga.
 24.05.2017 Vilkår om dokumentasjon er oppfylt.
 10.04.2017 Dokumentasjon Leiteeigedomen

06.04.2017 Oversending av krav til kulturfagleg dokumentasjon.

06.04.2017 Oversending av krav til kulturfagleg dokumentasjon.

03.04.2017 17/4125 Kulturfagleg dokumentasjon i Kvam. Grunnlag for dokumentasjon av møbelverkstaden på Laupsa

24.03.2017 Kopi av Kvam herad sitt brev datert 16.03.2017

24.03.2017 E-post om å få tilsendt brev 16.03.2017

22.03.2017 Etterlyser tilbakemelding.

16.03.2017 Kulturfagleg dokumentasjon i Kvam

03.03.2017 Dokumentasjon Laupsa

03.03.2017 Etterlyser vedlegg

28.02.2017 Bildedokumentasjon

28.02.2017 Dokumentasjon Laupsa

28.11.2016 Vedtak NPB 079/16 - Klage på NPB 024/16 vedtak om å innvilge dispensasjon til riving av eksisterande bustad/verkstad og oppføring av n bustad og naust på gnr 51 bnr 12.

07.11.2016 Kommenterarar til brev av 04.11.2016

04.11.2016 Informasjon om kva dokument som vart sendt til Fylkesmannen i forkant av møtet 4. oktober 2016. Vidare saksgang.

27.10.2016 Etterlyser dokument på innsyn

21.10.2016 Situasjonsskart

20.10.2016 Svar på oppfølging av byggjesøknad på gnr 51 bnr 12,160.

19.10.2016 Oppfølging av byggjesøknad på gnr 51 bnr 12,160.

29.08.2016 Ynskje dialog i klagesak på gnr 51 bnr 12,160, Laupsa i Kvam herad. Nye opplysningar - m.a. tilstandsrapport.

29.08.2016 Referat møte 16. august 2016.

23.08.2016 Svar på avtalt møte med Fylkesmannen

15.08.2016 Tilstandsrapport

28.07.2016 Ttilstandsrapport for Kalhageneset 9, Øystese.

05.07.2016 Vedr. adresse

01.07.2016 Uttale

01.07.2016 Uttale frå Kabuso

01.07.2016 Ny utsending av brev etter retur frå posten "Ukjent adresse".

10.06.2016 Behov for supplerande opplysningar før klage på NPB 024/16 vert handsama. Oppsettande verknad.

10.06.2016 Svarbrev til Fylkesmannen - Klage vedr. vedtak om dispensasjon riving og oppføring av bustad

30.05.2016 Innhenting av uttale til klage.

30.05.2016 Klage på vedtak om dispensasjon for riving og oppføring av bustad, garasje m.v

30.05.2016 Kvam - Gnr 51 bnr 12 og 160 - Laupsa - Dispensasjon til riving og oppføring av nytt bustad og garasje

24.05.2016 Oversending av brev frå Statens vegvesen

12.05.2016 Vedkommande dispensasjon frå kommuneplanen for tiltak - gnr. 51 bnr. 12 og 160

09.05.2016 Vedtak NPB 024/16 - Søknad om dispensasjon frå kommuneplan for tiltak på gnr 51 bnr 12,160. Rive verkstad og bustadhus. Nytt bustadhus, naust og tilbygg på atelier.

11.04.2016 Eigarforhold vedr. atelier på Laupsa

06.04.2016 Uttale - Kvam - Gnr 51 bnr 12 160 - Laupsa - Dispensasjon til riving og oppføring

09.03.2016 Innhenting av uttale til dispensasjonssøknad for tiltak på gnr 51 bnr.12,160 Laupsa, Kvam herad. Riving av møbelverkstad,hus og

oppføring av nytt bustadhus
24.02.2016 **Fristforlenging**
25.01.2016 **Laupsa atelier - kort biografi**
25.01.2016 **Pålegg om å sikre området rundt bustadhuset på gnr 51 bnr 12,
Kalhageneset 11.**
22.01.2016 **Referat frå synfaring 14. januar 2016**
22.12.2015 **Vedkommande avkøyrse - Fv. 7 - Gnr. 51 bnr. 12 og 160 - Gamle
Dalaveg 124 -**
04.01.2016 **Fristforlening**



Kvam Kontrollutval v/Roald Breistein

Vår ref.: DokumentID 24/9685

Dykkar ref.:

Dato: 04.04.2024

INFORMASJON TIL KONTROLLUTVALET ANG. EIN KLAGE PÅ BYGGESAK PÅ GNR. 51 BNR. 12 OG 160

Kontrollutvalet og kommunen fekk eit brev stila som ein klage frå dotter av eigar av gnr. 51 bnr. 2, som gjeld naboeigedomen gnr. 51 bnr. 12 og 160. Klagen gjeld ei byggesak som starta i 2015.

Administrasjonen har sendt dotter av eigar av gnr. 51 bnr. 2 eit svar på brevet. Vedlagt finn de administrasjonen sitt svar med vedlegg. Administrasjonen vil orientera om saka i neste kontrollutvalsmøte.

Helsing

Heidi Ørjansen

Einingsleiar plan og byggesak

Telefon: 905 41 203

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Mottakarliste:

Kvam Kontrollutval
v/Roald Breistein

Vedlegg:

04.04.2024

04.04.2024

04.04.2024

Tittel:

Svar på spørsmål til byggesak på gnr. 51 bnr. 12 og 160, Laupsa.

Notat gjeldande grenser og tiltak i sjø og vassdrag

Svar på spørsmål om tiltak på gnr. 50 bnr. 12, 160 på Laupsa.

Vedlegg:	Tittel:
04.04.2024	Fullmakt gnr. 51 bnr. 2
04.04.2024	Matrikkelbrev gnr. 51 bnr. 160
04.04.2024	Matrikkelbrev gnr. 51 bnr. 12
04.04.2024	Habilitetsvurdering



Anita Iren Laupsa
Revahjellane 97
5261 INDRE ARNA

Vår ref.: DokumentID 24/7351

Dykkar ref.:

Dato: 03.04.2024

SVAR PÅ SPØRSMÅL TIL BYGGESAK PÅ GNR. 51 BNR. 12 OG 160, LAUPSA.

Viser til dine spørsmål til byggesaken på gnr. 51 bnr. 12 og bnr. 160. I brevet svarar administrasjonen ut dei spørsmåla du hadde til byggesaka.

Poltisik handsaming

I dispensasjonsvedtaket som Næring-, plan- og bygningsutvalet gjorde i 2016 ligg det svar på fleire av dine spørsmål til kommunen. Rådmannen si innstilling til utvalet var å innstille på avslag av byggesaka, dette vart endra av utvalet til ein positiv innstilling, jf. vedtak NPB 024/16 den 03.05.2016. Det kom klage på vedtaket, klagen vart teke til følgje og det vart gjort endringar i vedtaket, begge vedtak er kopiert inn i teksten under.

Vedtak NPB 024/16 – 03.05.2016:

Med heimel i pbl-lova § 19-2 vert det gitt dispensasjon frå § 1-8, §1-1 og plankrav i kommuneplanen for Kvam. Det blir sett vilkår om at naust blir trekt tilbake slik at 5 meters byggegrense blir stetta. Det vert vidare sett vilkår at kai plasseringa sikrar tilflot på eigen eigedom.

Grunngjevning:

- *Mekling med fylkesmannen for reguleringsplanen som er til handsaming har godteke ein byggegrense til sjø på 5 meter, dermed tek ein utgangspunkt i denne og at den generelle byggegrensa i §1-8 fell bort.*
- *Område er privat i dag og det er tenkt i framtidig regulering at område skal framstå som privat. Det er opna for bustadhus i reguleringsplan som er til handsaming. Det er ikkje tenkt fråplanleggjar sin side at dette er eit bevaringsområde der bygga må beståsom i dag.*
- *Naust blir trekt tilbake slik at det stetter 5 meters byggegrense.*
- *Tilkomst til tomta er løyst, jf. avtale med nabo.*
- *Det skal lagast eit atelier i bustadhuset som blir tilgjengeleg for ålementa slik at folk kan kome å sjå Øystein Laupsa sine verk.*
- *Ålementa har fått tilgang til mange andre tilgrensande areal i strandsone i forslag til*

- ny reguleringsplan, dette er også avklart med fylkesmannen i mekling.
- Det kan ta lang tid før reguleringsplan for området blir vedteke, det er ikkje nødvendig ressursar hverken hos kommune eller tiltakshavar for å fullføre planen.
 - Det er positivt at ein familie vil flytte til Kvam, i staden for at staden skal få eit endå større forfall. Tilslutt blir dette eit område som blir farleg for ålementa og området måsperrast av.
 - Kvam NPB meiner med dette at fordelane er klart større enn ulempene, søknaden er i tråd med pågåande reguleringsplan og tek omsyn til dei momenta som har kome fram i meklinga mellom Kvam herad og fylkesmannen. Overordna plan blir derfor ikkje vesentleg sett til side av denne dispensasjonssøknaden.

Vedtak NPB 079/16 - 22.11.2016

Kvam nærings-, plan- og bygningsutval tar klagen til følgje, og endrar vedtaket i sak 024/16, jf fvl. § 33 (2).

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gitt dispensasjon frå pbl § 1-8. Vedtaket er grunngjeve med at intensjonen med verken strandsonevernet i pbl § 1-8 eller føremålsparagrafen pbl § 1-1 blir vesentleg sett til sides.

Kvam NPB utval grunngjev dette med følgjande:

- Kvam NPB utval stiller som vilkår om det vert gjennomført ein kulturfagleg dokumentasjon av verkstaden for å ivareta omsynet til kulturmiljøet. Rapporten må utarbeidast av tiltakshavar og sendast til heradet saman med søknad om løyve til riving og nybygg. Rapporten skal utarbeidast av eit føretak med nødvendig kulturfagleg kompetanse og i samarbeid med Kvam herad.
- Kvam NPB utval stiller som vilkår at den delen av eigedomen som er knytt til visningsdelen for Øystein Laupsa sitt arbeid og virke skal vere tilgjengeleg for ålmenta. Det omfattar brygge, kai, gangareal, atelieret, visningsrom og arealet som naturleg høyrer til dette.
- Naust blir trekt tilbake slik at det stetter 5 meter byggjegrænse, jf revidert sit.plan. Dette er i samsvar med krav stilt av fylkesmannen under mekling av reguleringsplanen for Laupsa, som er under handsaming.
- Gangveg vert flytta inn på eigen grunn og er ikkje lenger i konflikt med almennen interesser i strandsonen eller føreslått friområde i pågåande reguleringsplan.
- Området er privat i dag. Det er tenkt i framtidig regulering at område skal framstå som privat. Det er opna for bustadhus i reguleringsplanen som er til handsaming. Det er ikkje tenkt frå planleggjar eller tiltakshavar si side at dette er eit bevaringsområde der bygga må bestå som i dag.

- Tilkomst til tomte er løyst jf. avtale med nabo.
- Det skal lagast eit utstillingslokale i bustadhuset i tillegg til atelieret, som vert tilgjengeleg for ålmenta slik at folk kan kome og sjå Øystein Laupsa sine verk.
- Det kan ta lang tid før reguleringsplanen for området blir vedteke. Det er ikkje nødvendig ressursar verken hjå kommunen eller tiltakshavar til å fullføre planen.
- Det er positivt at ein familie vil flytte til Kvam i staden for at eigedomen skal få eit endå større forfall. Til slutt blir dette eit område som blir farleg for ålmenta og området må sperrast av.
- Kvam NPB utval meiner med dette at fordelane er klart større enn ulempene. Søknaden er i tråd med pågåande reguleringsplan, og tek omsyn til dei momenta som har kome fram i meklinga mellom Kvam herad og fylkesmannen. Intensjonen med strandsonevernet i pbl § 1-8 eller § 1-1 blir ikkje vesentleg sett til side av denne dispensasjonssøknaden.

Dispensasjon vert gitt på følgjande vilkår:

- Tiltakshavar skal i samarbeid med Kvam herad utarbeidde ein kulturfagleg dokumentasjon av verkstaden med faste og lause kulturminner. Rapporten skal ligge føre saman med søknad om byggjeløyve.
- Tiltaket skal utformast innafør dei rammene som framgår av reviderte teikningar.
- Publikum skal ha tilgang til museumsdelen på eigedomen (atelier, museum i kjellar av bustadhuset, kai).
- Kaien skal plasserast slik at det er sikra tilflot til kaien på begge sider på eigen eigendom.

Nye bygg nærmare enn 1 meter frå eigedomsgrensa

Etter signert avtale av eigar av gnr. 51 bnr. 2, så er det gitt løyve til plassering 1 m frå grensa. Når det føreligg ein avtale om å tillata bygging nærmare enn 4 meter, så har Kvam herad heimel til å godkjenne plasseringa etter plan og bygningslova § 29-4 a. Visertil vedlagt avtale signert datert 27.10.2015. Avtalen gjeld for atelier og bustadhus.

For garasjen, så er denne under 50 m², og då er det opning i plan- og bygningslova å plassere ein garasje nærmare enn 4 meter frå nabogrensa, jf. pbl. § 29-5 punkt b.

Uttrekk frå pbl. § 29-4:


«Kommunen kan godkjenne at byggverk plasseres nærmere nabogrense enn nevnt i andre ledd eller i nabogrense:

- a. når eier (fester) av naboeiendommen har gitt skriftlig samtykke eller
- b. ved oppføring av frittliggende garasje, uthus og lignende mindre tiltak»

Spørsmål om usikre grenser

I matrikkelen til kommunen så er kvaliteten på grensene gitt.

For egedomen på gnr. 51 bnr. 160 så er det følgjande kvalitet på egedomsgrensene:



Egedomen vart oppretta i 2005 og egedomen er registrert med grenser som har god kvalitet. Matrikkelbrev for gnr. 51 bnr. 160 ligg som vedlegg, der ligg det informasjon om kvaliteten på grensemerkene.

For egedomen på gnr. 51 bnr. 12 så er det følgjande kvalitet på egedomsgrensene:



Fargekodene i kartet på linene seier noko om kvaliteten til grenselinene.
Oransj line: Lite nøyaktige grenser
Lilla line: Mindre nøyaktig målingar og TK
Blå stipla line: Hjelpeline vannkant

For 51/12 er det dårleg kvalitet på dei fleste grenselinene. Matrikelbrev for gnr. 51 bnr. 12 ligg som vedlegg. I dokumentet finn de svar på kvaliteten på grenselinene. I byggesaker der det er usikre grenser, så er tilrådinga frå kommunen at eigedomsgrenser vert klarlagt med god kvalitet før planlegging og prosjektering av nye bygg. Dette er tema kommunen normalt tek opp i ein førehandskonferanse. Saka begynte i 2015 og det er ikkje gjennomført ei førehandskonferanse og det er heller ikkje stilt krav om klarlegging av grenser i denne saka.


Det vert vist til jordskiftesak i prosess, den vert ikkje kommentert av administrasjonen. Når jordskiftesaka er ferdig vert den registrert inn i matrikkelen av kommunen.

Båtopptrekk

Det vert vist til at det er teikna inn eit båtopptrekk mellom 51/12 og 51/56 i pågåande plan for Laupsa og kvifor det er gitt løyve til å bygge så nærme.

Reguleringsplanen for eigedomen gnr. 51 bnr. 2 er ikkje ein vedteken plan og kommunen kan ikkje handsama byggesaker etter eit planforslag. Skissa under viser forslag til

reguleringsplan. Området mellom dei to eigedomane er sett av til naustformål, det er tillate med eit naust på 40 m² i formålet. Formål mellom naust og sjø er sett av til anna uteopphaldsareal – hage. I føresegnene for anna uteopphaldsareal så står det at eksisterande murar og installasjonar kan stå og det kan etablerast bryggje på pålar. Det er ikkje nemnd at det er opning for båtopptrekk slik føresegnene er utforma per no. Men desse er ikkje gjeldande og det er kommuneplanen sin arealdel som er gjeldande for aktuelt område.



Strandpromenade

I førre kommuneplan så vart stranda på Laupsa sikra som eit område som skulle vere tilgjengeleg for ålmenta. I gjeldande kommuneplan, så er ikkje arealet sikra på same måte. Det er gitt byggeformål heilt ned til sjøkanten for aktuell tomt. Så det er ikkje tenkt at kommunen skal legge til rette for ein strandpromenade langs stranda i dette området. Forslag til framtidig reguleringsplan legg heller ikkje opp til ein slik promenade.

Parkering og veg

Kommunen har ikkje ansvar for parkering i samband med gjennomføring av private arrangement på privat eigedom. Om dei må nytte andre sitt areal for å parkere, så er dette eit privatrettsleg forhold der kommunen ikkje har ei rolle.

Tiltak på privat veg,

Det er ikkje søkt om tiltak på privat veg i byggesaka. Dermed ligg det ikkje føre dokumentasjon hos kommunen på tiltak som er gjennomført på privat veg. Kommunen må i så fall føre dette opp på lista over ulovlege tiltak som er gjennomført. Kommunen må

vidare vurdere om tiltaket er så alvorleg at me må følgje det opp eller om kommunen vurderer at tiltaket er av mindre betydning og vurdere dette opp mot andre ulovlege tiltak som er meldt inn til kommunen.

Kollektorslange i sjø

For tiltak i sjø så har kommunen ved juridisk rådgjevar laga ei betraktning rundt eigedomsforhold i sjø i samband med ei anna sak, mykje av dei same reglane vil gjelde i denne saka. Notatet til juridisk rådgjevar ligg som vedlegg til brevet. Dersom det oppstår skade på kollektorslagen, så vert dette eit forhold mellom den som eig tiltaket og den som gjer skade på tiltaket. Ein skade på private tiltak har er ikkje ein sak kommunen der har ei rolle. Viser til vedlagt notat og svar på spørsmål om kollektorslange datert 14.2.2024.

Byggetiltaket

Byggetiltaket er godkjend med dei bygga som er omsøkt i byggesaka. Det varierer frå reguleringsplan til reguleringsplan kor mange bygg ei tomt kan sette opp. Kommunen har godkjent bygget slik det er søkt om i søknaden, rive verkstad og bygge nytt bustadhus, naust og tilbygg på atelier. Bygget vert registrert som eit bustadhus i matrikkelen til kommunen. Det er ikkje buplikt i Kvam herad.

Habilitetsvurdering

Det vert sett spørsmål ved habiliteten til sakshandsamar for byggesaka. Kommunen sin juridiske rådgjevar har gjennomført ei habilitetsvurdering. Vurderinga sin konklusjon er at sakshandsamar ikkje vert vurdert som inhabil etter reglane i forvaltningslova. Sjølv vurderinga ligg som vedlegg til brevet.

Korrespondanse

Det kjem fram at de opplever at kommunen ikkje svarar e-poster eller tek telefonen, og at svara kjem seint og etter purring frå spørsmålsstillar. Slike opplevingar er vanskeleg å undersøka i etterkant for å finna ut kva som kan ha skjedd, men kommunen vil uansett beklaga at de har hatt slike opplevingar.

Helsing

Heidi Ørjansen

Einingsleiar plan og byggesak

Telefon: 905 41 203

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Mottakarliste:

Anita Iren Laupsa

Revahjellane 97

5261

INDRE ARNA

Vedlegg:**Tittel:**

08.03.2024

Notat gjeldande grenser og tiltak i sjø og vassdrag

08.03.2024

Svar på spørsmål om tiltak på gnr. 50 bnr. 12, 160 på Laupsa.

08.03.2024

Fullmakt gnr. 51 bnr. 2

08.03.2024

Matrikkelbrev gnr. 51 bnr. 160

08.03.2024

Matrikkelbrev gnr. 51 bnr. 12

15.03.2024

Habilitetsvurdering



NOTAT

Dato: 02.11.2023

Frå Bente Valland Bovim

Vår ref: 23/45-321/N-510//BENTOL

Notat gjeldande grenser og tiltak i sjø og vassdrag

Problemstilling:

Det er kome spørsmål gjeldande retningsliner i høve spreidd fortøyning av småbåtar i Kvam herad, både i sjø og vassdrag. Det er vidare stilt konkret spørsmål om det eksisterer nokre avstandsbegrensningar frå strandlinje til fortøyingsbøye, og kor langt ein kan gå for å privatisera i sjø eller vassdrag utan søknad.

Når det gjeld kva type tiltak som eventuelt er søknadspliktig må dette avklarast med plan- og byggesaksavdelinga, og vert ikkje svart ut i dette notatet. Ved vurderinga av om noko er søknadspliktig er det dei konkrete tiltaka som må vurderast, uavhengig av om tiltaket skal plasserast på eige grunn eller i område der grunneigar har visse rettar.

Vurdering av saka:

Det ligg ikkje føre retningsliner i Kvam herad i høve spreidd fortøyning av småbåtar, verken når det gjeld avstandsbegrensning eller korleis ein skal leggje ut slik fortøyning. Ein må difor sjå på gjeldande regelverk og rettspraksis knytt til dette.

Det er ved vurderingar av rettar i sjø i fleire avgjerder lagt vekt på lokal sedvane. Eg er ikkje kjend med at det ligg føre lokal sedvane som gjeld for heile Kvam herad. Ein kan likevel ikkje sjå vekk frå at det kan ligga føre sedvane for enkelte strandområde i kommunen. I så tilfelle kan det vera mogleg at desse vil verta vektlagt dersom ei sak om rettar i sjø kjem på spissen¹.

Grenser og tiltak i sjø:

Det er sikker og svært langvarig praksis for at den som eig stranda og eig eit stykke ut i sjøen, og utgangspunktet er at eiegdomsgrensa går ved marbakken eller ved to meters djupn ved fjøre sjø der det ikkje er marbakke. Dette er lagt til grunn i ei rekke høgsterettsdommar.² Reglane har etter kvart blitt slik at marbakken vert rekna som den generelle hovudregel, men at to metersregelen vert lagt til

¹ I den retning sjå Rt- 2011 s. 556 avsnitt 46.

² Sjå mellom anna Rt. 1856 s. 682, Rt. 1889 s. 633, Rt. 1889 s. 33, Rt. 1896 s. 500 for dommar om marbakke. Dette er fylgt opp i seinare rettspraksis. For dommar om 2 meters djupn ved fjøre sjø sjå mellom anna Rt. 1915 s. 704, Rt. 1923 II s. 48, Rt. 1927 s. 248, Rt. 1969 s. 613 og for nyare dommar Rt. 2005 s. 1577 Florø Hamm, Rt. 2011 s. 556 og HR-2019-280-A.

grunn der det ikkje finst marbakke.³ Der tometersregelen slår inn gårgrensa på to meters djupn uansett om det er langgrunt eller brådjupt.⁴

Det vil seie at ein må leggje til grunn at ein grunneigar av sjøeigedom (strandeigar) har rett til å leggje ut ei fortøyingsbøye for småbåt så lenge han er innanfor marbakke, alternativt 2 meter djupn ved fjøre sjø. Av dette føl det og at det kan vera ulikt frå eigedom til eigedom kor langt ut i sjø ein kan leggje mellom anna fortøyingsbøye, alt etter korleis sjøbotn er utanfor eigedomen.⁵

Spørsmålet vert vidare om strandeigar har lov til å leggje ei fortøyingsbøye eller eit fortøyinganlegg utanfor eigedomsgrensene som nemnt over.

Det er klart at ein strandeigar kan ha rettar som går utover dei eigedomsgrensene som er nemnt over. Dette kan vera ulike einerettar, som mellom anna rett til laksefiske, rett til «faste» naturressursar og fridom til å gjera utfylling eller ankra opp faste installasjonar.⁶ Ein har og nytta omgrepet «strandrettar» som eit samleomgrep for fleire av desse rettane.⁷

Slike einerettar ev. strandretten må sjåast i samanheng med, og vurderast opp mot, ulike allemannsrettar. Døme på dette er retten til ferdsel, retten til bading, retten til å dra ein båt kortvarig opp på strand i utmark⁸ eller retten til å fiska i vassdrag⁹. Dei må og sjåast i samanheng med offentleg styring av arealbruk i sjø¹⁰.

Dette er eit stort tema, og det er ikkje rom for å gå inn på temaet i full breidde i eit notat som dette. Eg vel difor å gje ei kort oppsummering av den retten som er aktuell for gjeldande problemstilling.

I denne saka er det strandeigar sin rett til eller moglegheit for å etablere fortøyingsbøye på sjøgrunnen framføre sitt land som skal vurderast.

I norsk rett er fortøying av båt ingen allemannsrett, jf. føresetnadsvis friluftsløva § 7. Ei n strandeigar sin rett til å fortøye ein båt har grunnlag i strandeigar sin eigedommsrett jf. drøftinga over. Utanfor eigedomsgrensene ligg retten til fortøying av båt under strandeigar sin einerett til utnytting av sjø utanfor sin eigedom.¹¹

I dag har ein i Noreg ikkje noko ålmenne reglar om kor langt ut i sjøen strandretten/ulike einerettar strekkjer seg.¹² Det er difor ikkje mogleg for Kvam herad å sei noko generelt om kor langt ut ei fortøyingsbøye kan plasserast. Kor langt ein slik rett til fortøying vil strekkje seg vil vera ei konkret vurdering, der ein må sjå på kva som er konkurrerande motståande interesser. Desse kan variera frå sak til sak¹³.

³ Sja «Strandrett», Universitetsforlaget, 2010, Ingunn Elise Myklebust, særleg kap. 3.3 og «Litt om strandrett og tingsrett i sjøen», Jussens Venner, 2018/6, Erlend Baldersheim, kap. 3.4, s. 368

⁴ Sja Rt. 2011 s. 556 og «Litt om strandrett og tingsrett i sjøen», Jussens Venner, 2018/6, Erlend Baldersheim, kap. 3.4, s. 368

⁵ Eg går i dette notatet ikkje nærare inn på vurderingar knytt til ujamn havbotn utanfor strandlinja.

⁶ Sja «Litt om strandrett og tingsrett i sjøen», Jussens Venner, 2018/6, Erlend Baldersheim, kap. 3.5.2, s. 373

⁷ Høgsterett har skildra omgrepet «strandrett» i Rt. 1985 s. 1128 på s. 1131-1132. Sja og «Strandrett», Universitetsforlaget, 2010, Ingunn Elise Myklebust.

⁸ For desse doma sjå friluftsløva

⁹ Sja Lakse- og innlandsfisklova § 18

¹⁰ For nærare om dette tema sjå «Strandrett», Universitetsforlaget, 2010, Ingunn Elise Myklebust.

¹¹ Strandeigar sin rett til båtferste er stadfesta av Høgsterett i Rt. 1987 s. 629 Oksval Båthavn, og retten til båtferste er og omtala som del av strandretten i RG. 1984 s. 560 (Gulating lagmannsrett).

¹² Sja «Strandrett», Universitetsforlaget, 2010, Ingunn Elise Myklebust, kap. 8.2.5 s. 259.

¹³ Som eksempel på vurdering av motståande interesser sjå RG. 1979 s. 1042 (Agder lagmannsrett).

Når det gjeld omsynet til eventuelle naboar er det gjennom rettspraksis klart at det ikkje er tale om eit prinsipp om «fyrst i tid, best i rett»¹⁴. Det vil seie at ein må ta omsyn til at naboeigedomane kan ha rettar som ikkje kan krenkast.

Det er vanskeleg å seie noko generelt om kva rettar ein strandeigar har ved motstrid med naboane sine rettar. Det same gjeld ved bruk der gjerne ingen strandeigar har særskilte/verneverdige rettar, men der fleire kan ha interesse av å bruka arealet. Dette må vurderast ut frå dei konkrete tilhøva i den einskilde saken.¹⁵

Spørsmålsstillar spør om det er tilstrekkeleg å verta einig med naboen, og svaret er at ein kjem nok langt om ein kjem til semje med naboen/naboane om tiltak som kan råka deira interesser.

Grenser og tiltak i vassdrag:

Når det gjeld eigedomsgrenser i vassdrag vert det vist til Lov om vassdragene (vassdragsloven) av 15.03.1940. Vassdragsloven §§ 2-4 seier korleis eigedomsgrensa skal fastsetjast for elv eller bekk og innsjø. Lova sin § 5 seier noko om retten til å få fastslått og oppmerka grenser i vassdrag.

Det føl av Karnov lovkommentar at «[b]åde §§ 2 og 3 bygger på en alminnelig regel om at eiendommer som støter til vassdrag og innsjø, omfatter også grunnen i vassdraget og innsjøen til de møter eiendommene på den motsatte side, jf. bl.a. Rt-1968-1261, Rt-1981-228 og vannressursloven § 13 første ledd». Vidare heiter Karnov lovkommentar at «[f]astsettelsen av eiendomsgrensene i vassdrag kan ha betydning for bl.a. fiskeretten og rett til masseuttak».

Når det gjeld eigedomsgrenser føl det av vassdragsloven § 2, som gjeld elv eller bekk, at:

Når elv eller bekk danner skillet mellom eiendommer, skal grensen gå etter djupålen i vassfaret, hvis ikke annet følger av særlig hjemmel.

Eigedomsgrenser for innsjø føl av vassdragsloven § 3, der det står som fylgjer:

Hvor eiendommer som ligger på hver sin side av en innsjø støter til hverandre under vatnet, skal grensen, hvis ikke annet følger av særlig hjemmel, gå slik at hvert sted på bunnen tilhører den landside som det nærmest er en fortsettelse av.

Når det gjeld større innsjøar er det eigen regel for midstykke i innsjøen, der det er praksis for at desse er offentlege eller eigarlaus. Eg går ikkje nærare inn på denne regelen i dette notatet.

Hovudregelen for eigedomar som ligg på kvar si side av eit vassdrag er altså at eigedomsgrensa skal gå ved djupålen. Men det er ikkje alltid ein innsjø, bekk eller elv har fordjuping i grunnen som har karakter av å vera djupål, eksempelvis der botnen er flat heile vegen. I slike tilfelle er regelen at eigedomsgrensa skal trekkjast ved midtlinja.¹⁶ Midtlinja skal trekkast ved låg vasstand.

Eigedom som ligg på same side av eit vassdrag vert regulert av Vassdragsloven § 4, der det heiter at:

Mellom eiendommer på samme side av et vassdrag skal grensen, hvis ikke annet følger av særlig hjemmel, gå slik at hvert sted på bunnen tilhører den strand som det ved lav vassstand ligger nærmest.

Som ein ser av føresegnene overså vil grunnen utover i vassdrag for det meste vera innanfor eigedomsgrenser. Når det gjeld fortøyning av båt må ein kunne leggje til grunn at fortøyingsbøye kan plasserast innanfor eigedomsgrensene til den aktuelle eigedomen.

¹⁴ Sjø som eksempel Rt. 1961 s. 1114 på s. 1123 og HR-2019-280-A

¹⁵ Som eksempel på at ei fortøyingsbøye var i strid med ein strandeigars rettar i form av mogleg vanskeleggjering av tilkomst og hindring av sikt, sjå RG 1979 s. 1042.

¹⁶ Sjø Rt. 1988 s. 1345 Strondafjorden

Konklusjon:

Svaret på spørsmålet innleiingsvis vert etter dette at:

- Kvam herad ikkje har retningsliner for fortøyning av småbåtar i sjø eller vassdrag.
- Eigedomsgrense i sjø for ein strandeigedom går ved marbakken eller ved to meters djupn ved fjøre sjø der det ikkje er marbakke. Det vil seie at ein må leggje til grunn at ein strandeigar i utgangspunktet har rett til å leggje ut ei fortøyingsbøye for småbåt innan desse grensene.
- Spørsmål om rett til å setje ut fortøyingsbøye utanfor eigedomsgrenser må løysast ut frå gjeldande rettstilstand på området, og vert eit konkret vurdering i dei ein skilde tilhøva. Ei n kan difor ikkje setja ei generell grense for kor langt ut i sjøen ei fortøyingsbøye kan liggje, ei heller kan ei førtøyingsbøye/eit fortøyingsanlegg setjast ut etter eige forgodtbefinnande.
- Avtale med naboar som vert råka av plassering av ei fortøyingsanlegg-/bøye vil i alle tilfelle vera å anbefala.
- Om eit tiltak i er søknadspliktig eller ikkje vert regulert av reglane i plan- og bygningslova.

Mottakarar:

Heidi Ørjansen



Anita Iren Laupsa
Revahjellane 97
5261 INDRE ARNA

Vår ref.: DokumentID 24/4923

Dykkar ref.:

Dato: 14.02.2024

SVAR PÅ SPØRSMÅL OM TILTAK PÅ GNR. 50 BNR. 12, 160 PÅ LAUPSA.

Viser til dine spørsmål om tiltak på gnr. 51 bnr. 12, 160.

Punktvisе svar;

1. Du skriv m.a. at «Hvis Kvam Herad gir eier av 51/1, 160 adgang til å legge kollektorslangen 1 meter fra grensen, så må kommunen/eier ta det økonomiske ansvar, dersom det oppstår skader på kollektorslangen eller båter ved oppankring/opptrekk».
 - a. Svar- Kvam herad er ikkje økonomisk ansvarleg for tiltak på gnr. 50 bnr. 12 eller bnr. 160.

2. Hvor står saksbehandlingen/ har kommunen gitt godkjenning?
 - a. Svar – Oversikt over alle vedtak for pågåande tiltak på gnr. 51 bnr. 12,160;
 - i. NPB sak 024/16 den 3/5-2016 – dispensasjon innvilga
 - ii. NPB sak 079/16 den 22/11-2016 – klage tatt til følge revidert dispensasjonsvedtak
 - iii. DRAD sak 199/19 den 28/6-2019 – rammeløyve til riving av ex. Bustadhus og verkstad, nytt bustadhus med atelier/skultursamling/naust.
 - iv. DRAD 304/20 den 23/9-2020 – igangsettingsløyve for rivingsarbeidet.
 - v. DRAD 189/22 den 25/5-2022 – igangsettingsløyve tiltaket gjelder Geotekn. Prosjektering og konstruksjonssikkerheit betong. Prosj. Sanitær og varmeanlegg. for grunn- betong- og røyrleggjararbeid inkl vedl. G1v3, G4, G5 og G6, for oppføring av Bustadhus på gnr. 51, bnr. 12, 160 på Laupsa i Øystese.
 - vi. DRAD 273/22 den 22/8-2022 – godkjent tilkobling av nytt bustadhus til offentlig vassledning/sjøledning.
 - vii. DRAD 274/22 den 22/8-2022 – utsleppsløyve
 - viii. DRAD 001/23 den 2/1-2023 – igangsettingsløyve for oppføring av nytt bustadhus på gnr. 51 bnr. 12,160
 - ix. DRAD 190/23 den 12/7-2023 – endring av byggjeløyve garasje oppå atelier/parkeringsdekke. 300 m kollektorledning.

- b. Alle vedtak og alle saksdokument i arkivsak 22/2141 er tilgjengelig på www.kvam.no Postlister/Søk etter saker.
3. Kommunens retningslinjer.
- a. Svar - er usikker på kva det vert spurt om her. Retningslinjer for handsaming av byggesøknadene for til tak på gnr. 50 bnr. 12,62 framgår av sakspapira, jf. Punkt 2.
4. Er kollektorslange som skal legges ihht plan- og bygningsloven p 4-2?
- a. Svar - er usikker på kvar det vert spurt om her. Antar du meiner plan og bygningslova § 4-2, men denne paragrafen handlar om planskildring og konsekvensutgreiing. Det er kommuneplanen som styrer arealbruken på gnr. 51 bnr. 12,160, og den planen vart godkjent 8/10-2019. Planprosessen vart runda av med godkjenning i heradsstyret, og det er ikkje krav om planskildring eller konsekvensutgreiing etter denne paragrafen i ein byggesøknad.
5. Er kollektorslange godkjent ihht Forvaltningsloven §14
- a. Svar – er usikker på kva det vert spurt om her. Kvam herad skal som bygningsstyresmakt legge til grunn dei opplysningane ein får inn i søknaden. Forvaltningslova § 14 handlar om «saksførebuing og klage ved pålegg om å gi opplysninger». Me kan ikkje sjå at denne paragrafen gjer seg gjeldande då byggesøknadene har vore vurderte som godt nok opplyste etter forvaltningslova § 17. Me har ikkje gitt pålegg om å få fleire opplysningar.
6. Er dette konsekvens-utredet av kommunen?
- a. Svar –Rådmannen har vurdert søknad om m.a. utlegging av kollektorslangen ut frå dei opplysningane som låg føre i byggesøknaden, og vurdert at den er i samsvar med reglane i kommuneplanen.
7. Er Geodata overlevert Nasjonal Standard?
- a. Svar – Tidspunktet for levering av geodata over tiltak i sjø (leidning) er ved søknad om ferdigattest. Tiltakshavar skal levere geodata til kartverket og Kvam herad.
8. Er legging av kollektorslange ihht Offentlig Standard?
- a. Svar – er usikker på kva standardar du siktar til her. Ansvaret for legging av kollektorslange er plassert hjå dei firma som har tatt på seg det ansvaret, jf. punkt 2. I siste instans er dette tiltakshavar sitt ansvar.
9. Plankart skal vise innhold og rettslige virkninger på en klar og entydig måte. Hvem av dere, kommunen eller eier, tar ansvar for skade på slangen eller evt. båt?

- a. Svar – sjå svar under punkt 1.
10. Blir kollektorslanger som legges i sjø, registrert hos Statens Kartverk?
- a. Svar – sjå svar i punkt 7.
11. Vi som eier av sjøtomt på 51/2 har protestert på at kollektorslangen legges for nært opptil vår sjøeiendom, og at eiere i fremtiden kan skade kollektorslangen. Den er og blir et hinder for oppankring og senker verdien på sjøtomten. Vi stiller spørsmål ved hvorfor de skal legge kollektorslangen så tett inntil naboens sjøtomt, når de har en sjølinje på over 30 meter? Er dette gjort for at de skal beskytte seg selv og utnytte sin eiendom for oppankring/flytebrygger m.m?
- a. Svar - dette kan ikkje Kvam herad svare på.

Helsing

Bjørn Vik

Fagleiar for byggesak og geodata

Telefon: 56 55 06 35

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

**AVTALE
MELLOM**

**TURID LAUPSA
GNR 51/ BNR 2**

OG

**AASHILD GRØNSBERG
GNR 51/ 12 OG 160**

Følgjande avtale er inngått mellom Turid Laupsa eigar av gnr 51/ bnr 2, Laupsa og Aashild Grønsberg eigar av gnr 51/ bnr 12 og 160, Laupsa:

Aashild Grønsberg får med dette løyve til å bygge ny bustad/ naust inntil 1,0m frå felles grense mot søraust. I tillegg kan eksisterande «naust»/ atelier i felles grense mot nordvest vølast. Kai og brygge, som vist på situasjonsplan er einighet om at skal byggast opp att. Vist gangveg til «naust»/ atelier kan byggjast, som vist på situasjonsplan.

Situasjonsplan datert 21.10.2015 er gjeldande og del av avtalen.

Avtale kan, om ynskjeleg, tinglysast av begge partar.

Sted og dato: Austese 27/10 2015.

Sted og dato: Austese 25/10-15

Turid Laupsa.
Turid Laupsa
Gnr 51/ bnr 2

Aashild Grønsberg
Aashild Grønsberg
Gnr 51/ bnr 12 og 160

**For matrikkelenhet:**

Kommune: 4622 - KVAM
Gårdsnummer: 51
Bruksnummer: 160

Utskriftsdato/klokkeslett: 08.03.2024 kl. 11:26
Produsert av: Heidi Ørjansen
Attestert av: Kvam kommune

Orientering om matrikkelbrev

Matrikkelbrevet er hjemlet i «Lov om egedomsregistrering» (matrikkelova) av 17. juni 2005. Etter definisjonen i matrikkelovens § 3 d) er matrikkelbrevet en attestert utskrift av matrikkelen som viser alle registrerte opplysninger om en matrikkelenhet ved oppgitt dato.

Om fullstendighet og nøyaktighet i matrikkelbrevet

Matrikkelen ble etablert ved konvertering av data fra tidligere registre. Det kan variere hvor gode disse dataene er med hensyn på fullstendighet og nøyaktighet. I enkelte tilfeller kan grensepunkt og grenselinjer mangle helt eller delvis eller være feil registrert. Det kan også være feil og mangler ved registrert bygnings- og adresseinformasjon. Fullstendighet og stedfestingsnøyaktighet er generelt bedre innenfor enn utenfor tettbygd strøk. Vær oppmerksom på at for mange matrikkelenheter og bygg hefter usikkerhet ved arealet som oppgis.

For utfyllende informasjon: www.kartverket.no/matrikkelbrev

Matrikkelenhet

Matrikkelenhetstype: Grunneiendom
Bruksnavn:
Etableringsdato: 01.06.2005
Skyld: 0
Er tinglyst: Ja
Har festegrunner: Nei
Er seksjonert: Nei

Jordskifte krevd

Dato	Referanse	Matrikkelenheter
17.11.2023	23-148743RFA-JHOD/JBER	4622 - 51/2, 4622 - 51/12 og 4622 - 51/160

Arealrapport

Tekst	Areal	Kommentar
Beregna areal for 51 / 160	121,4 m2	Ukjent grenseforløp

Eierforhold

Tinglyste eierforhold

Rolle	Status	Føds.d./org.nr	Navn	Bruksenhet	Adresse	Andel
Hjemmelshaver		270179	LAUPSA AASHILD	H0203	ØVRE SÆDALSVEN 10 5099 BERGEN	1 / 1

Oversikt over teiger

(EUREF89 UTM Sone 32)

Løpenr	Type	Hovedteig	Nord	Øst	Høyde	Areal	Merknader
1	Teig	Ja	6697214	347388		121,4 m2	Hjelpelinje vannkant

Forretninger der matrikkelenheten er involvert

Forretning	Forretningsdokumentdato	Tinglysing	Matrikkelføring
Forretningstype	Kommunal saksreferanse	Status	Signatur Dato
Årsak til feilretting	Nettadresse (URL)	Endret dato	
	Annen referanse		
Omnummerering v/kommuneendring	01.01.2020	Tinglyst	smatmynd 01.01.2020
Omnummerering		Omnummerert til: 4622 - 51/160 Omnummerert fra: 1238 - 51/160	

Forretning
Forretningstype
Årsak til feilretting

Forretningsdokumentdato
Kommunal saksreferanse
Nettadresse (URL)
Annen referanse

Status

Tinglysing

Endret dato

Matrikkelføring
Signatur Dato

Opprett ny grunneiendom ved fradeling
Kart- og delingsforretning

01.06.2005

Rolle	Matrikkelenhet	Arealendring
Avgiver	1238 - 51/12	-121,4
Mottaker	1238 - 51/160	121,4

Aktive bygg som er registrert på matrikkelenheten

Bygningsnr: 17 951 246

Løpenr:

Repr.punkt: Koordinatsystem: EUREF89 UTM Sone 32
Nord: 6697215 Øst: 347386

Bygningsendringskode:

Bygningstype: Verkstedbygning

Næringsgruppe: Annet som ikke er næring

Bygningsstatus: Tatt i bruk

Energikilder:


Oppvarming:

Etasjer

Etasje	Antall boenheter	BRA bolig	BRA annet	BRA totalt	BTA bolig	BTA annet	BTA totalt	Alt. areal	Alt. areal 2
H02	0	0	19	19	0	0	0	0	0
H01	0	0	30	30	0	0	0	0	0


Bruksenheter

Adresse	Bruksenhetsnummer	Bruksenhetstype	Bruksareal	Ant. rom	Kjøkkentilgang	Bad	WC	Matrikkelenhet
		Unummerert bruksenhet	0	0		0	0	51/160



Teig 1 (Hovedteig) 51 / 160

Målestokk 1:250
EUREF89 UTM Sone 32



Areal og koordinater

Areal: 121,4

Arealmerknad: Hjelpelinje vannkant

Representasjonspunkt:

Koordinatsystem: EUREF89 UTM Sone 32

Nord: 6697214

Øst: 347388

Grensepunkt / Grenselinje

Ytre avgrensing

Løpenr	Nord	Øst	Grensemerke nedsatt i / Lengde (m)	Grensepunkttype / Linjeinformasjon	Målemetode	Nøyaktighet (SD i cm)	Radius
1	6697207,41	347386,90		Umerket 9,95 Hjelpelinje vannkant	69 Beregnet	13 36	
2	6697213,32	347378,95		Umerket 0,55	69 Beregnet	13	
3	6697213,64	347379,40		Fjell Offentlig godkjent grensemerke 13,75	91 GNSS: Kodemåling, relative målinger	13	
4	6697221,56	347390,64		Jord Offentlig godkjent grensemerke 9,45	91 GNSS: Kodemåling, relative målinger	13	
5	6697213,90	347396,18		Jord Offentlig godkjent grensemerke 9,29	91 GNSS: Kodemåling, relative målinger	13	
6	6697208,58	347388,56		Fjell Offentlig godkjent grensemerke 2,03	91 GNSS: Kodemåling, relative målinger	13	

**For matrikkelenhet:**

Kommune: 4622 - KVAM
Gårdsnummer: 51
Bruksnummer: 12

Utskriftsdato/klokkeslett: 08.03.2024 kl. 11:28
Produsert av: Heidi Ørjansen
Attestert av: Kvam kommune

Orientering om matrikkelbrev

Matrikkelbrevet er hjemlet i «Lov om egedomsregistrering» (matrikkellova) av 17. juni 2005. Etter definisjonen i matrikkellovens § 3 d) er matrikkelbrevet en attestert utskrift av matrikkelen som viser alle registrerte opplysninger om en matrikkelenhet ved oppgitt dato.

Om fullstendighet og nøyaktighet i matrikkelbrevet

Matrikkelen ble etablert ved konvertering av data fra tidligere registre. Det kan variere hvor gode disse dataene er med hensyn på fullstendighet og nøyaktighet. I enkelte tilfeller kan grensepunkt og grenselinjer mangle helt eller delvis eller være feil registrert. Det kan også være feil og mangler ved registrert bygnings- og adresseinformasjon. Fullstendighet og stedfestingsnøyaktighet er generelt bedre innenfor enn utenfor tettbygd strøk. Vær oppmerksom på at for mange matrikkelenheter og bygg hefter usikkerhet ved arealet som oppgis.

For utfyllende informasjon: www.kartverket.no/matrikkelbrev

Matrikkelenhet

Matrikkelenhetstype: Grunneiendom
Bruksnavn: LAUPSA
Etableringsdato: 22.05.1900
Skyld: 0,04
Er tinglyst: Ja
Har festegrunner: Nei
Er seksjonert: Nei

Jordskifte krevd

Dato	Referanse	Matrikkelenheter
17.11.2023	23-148743RFA-JHOD/JBER	4622 - 51/2, 4622 - 51/12 og 4622 - 51/160

Arealrapport

Tekst	Areal	Kommentar
Beregna areal for 51 / 12	556,5 m2	Ukjent grenseforløp

Eierforhold

Tinglyste eierforhold

Rolle	Status	Føds.d./org.nr	Navn	Bruksenhet	Adresse	Andel
Hjemmelshaver		270179	LAUPSA AASHILD	H0203	ØVRE SÆDALSVEN 10 5099 BERGEN	1 / 1

Oversikt over teiger

(EUREF89 UTM Sone 32)

Løpenr	Type	Hovedteig	Nord	Øst	Høyde	Areal	Merknader
1	Teig	Ja	6697209	347401		556,5 m2	Hjelpelinje vannkant

Forretninger der matrikkelenheten er involvert

Forretning	Forretningsdokumentdato	Tinglysing	Matrikkelføring		
Forretningstype	Kommunal saksreferanse	Status	Endret dato	Signatur	Dato
Årsak til feilretting	Nettadresse (URL)				
	Annen referanse				
Omnummerering v/kommuneendring	01.01.2020	Tinglyst	01.01.2020	smatmynd	01.01.2020
Omnummerering		Omnummerert til:	4622 - 51/12		
		Omnummerert fra:	1238 - 51/12		

Forretning Forretningstype Årsak til feilretting	Forretningsdokumentdato Kommunal saksreferanse Nettadresse (URL) Annen referanse	Status	Tinglysing	Endret dato	Matrikkelføring Signatur Dato
Opprett ny grunneiendom ved fradeling Kart- og delingsforretning	01.06.2005				
		Rolle	Matrikkelenhet		Arealendring
		Avgiver	1238 - 51/12		-121,4
		Mottaker	1238 - 51/160		121,4
Skylddeling	22.05.1900				
Skylddeling		Rolle	Matrikkelenhet		Arealendring
		Avgiver	1238 - 51/2		0
		Mottaker	1238 - 51/12		0

Adresser

Adresstype	Adressenavn Adressetilleggsnavn	Adressekode Kildekode	Adressenr Koord.syst. Nord	Øst	Kretser	Atkomstpunkt
Vegadresse	Kalhageneset	1108	9		Grunnkrets: 0204 Torpe-Laupsa Stemmekrets: 4 Øystese Kirkesokn: 07080802 Øystese Postnr.område: 5610 ØYSTESE Tettsted: 5143 Norheimsund	Nei
			EUREF89 UTM Sone 32 6697214	347406		

Aktive bygg som er registrert på matrikkelenheten

Bygningsnr: 17 951 254
Løpenr:
Repr.punkt: Koordinatsystem: EUREF89 UTM Sone 32
 Nord: 6697201 Øst: 347401
 Bygningsendringskode:
 Bygningstype: Verkstedbygning
 Næringsgruppe: Bolig
 Bygningsstatus: Bygning godkjent for riving/brenning
 Energikilder:
 Oppvarming:

Bebygd areal: 0 Ant. boliger: 0
 Bruksareal bolig: 176 Ant. etasjer: 3
 Bruksareal annet: 0 Vannforsyning:
 Bruksareal totalt: 176 Avløp:
 Bruttoareal bolig: 0 Har heis: Nei
 Bruttoareal annet: 0
 Bruttoareal totalt: 0
 Alternativt areal: 0
 Alternativt areal 2: 0

Datoer
 Rammetillatelse:
 Igangsettingstillatelse:
 Tatt i bruk:
 Midlertidig brukstillatelse:
 Ferdigattest:
 Bygning godkjent for riving/brenning: 28.06.2019

Etasjer

Etasje	Antall boenheter	BRA bolig	BRA annet	BRA totalt	BTA bolig	BTA annet	BTA totalt	Alt. areal	Alt. areal 2
L01	0	20	0	20	0	0	0	0	0
H02	0	68	0	68	0	0	0	0	0
H01	0	88	0	88	0	0	0	0	0

Bruksenheter

Adresse	Bruksenhetsnummer	Bruksenhetstype	Bruksareal	Ant. rom	Kjøkkentilgang	Bad	WC	Matrikkelenhet
		Unummerert bruksenhet	0	0		0	0	51/12

Bygningsnr: 301 100 038
Løpenr:
Repr.punkt: Koordinatsystem: EUREF89 UTM Sone 32
 Nord: 6697215 Øst: 347407
 Bygningsendringskode:
 Bygningstype: Enebolig
 Næringsgruppe: Bolig
 Bygningsstatus: Rammetillatelse
 Energikilder:
 Oppvarming:

Bebygd areal: 209 Ant. boliger: 0
 Bruksareal bolig: 315 Ant. etasjer: 4
 Bruksareal annet: 0 Vannforsyning:
 Bruksareal totalt: 315 Avløp:
 Bruttoareal bolig: 357 Har heis: Nei
 Bruttoareal annet: 0
 Bruttoareal totalt: 357
 Alternativt areal: 7
 Alternativt areal 2: 0

Datoer
 Rammetillatelse: 28.06.2019
 Igangsettingstillatelse:
 Tatt i bruk:
 Midlertidig brukstillatelse:
 Ferdigattest:

Etasjer

Etasje	Antall boenheter	BRA bolig	BRA annet	BRA totalt	BTA bolig	BTA annet	BTA totalt	Alt. areal	Alt. areal 2
L01	0	30	0	30	36	0	36	0	0
H01	1	139	0	139	156	0	156	7	0
K01	0	105	0	105	118	0	118	0	0
K02	0	41	0	41	47	0	47	0	0

Bruksenheter

Adresse	Bruksenhetsnummer	Bruksenhetstype	Bruksareal	Ant. rom	Kjøkkentilgang	Bad	WC	Matrikkelenhet
1108 Kalhageneset 9	H0101	Bolig	322	7	Kjøkken	3	3	51/12

Kontaktpersoner

Rolle	Føds.dato/org.nr	Navn	Bruksenhet	Adresse
Tiltakshaver	270179	LAUPSA AASHILD	H0203	ØVRE SÆDALSVEGEN 10 5099 BERGEN

Utgåtte bygg som er registrert på matrikkelenheten

Bygningsnr:	17 951 262	Bebygd areal:	0	Ant. boliger:	1	Datoer	
Løpenr:		Bruksareal bolig:	0	Ant. etasjer:	1	Rammetillatelse:	
Repr.punkt:	Koordinatsystem: EUREF89 UTM Sone 32	Bruksareal annet:	0	Vannforsyning:		Igangsettingstillatelse:	
	Nord: 6697217 Øst: 347405	Bruksareal totalt:	0	Avløp:		Tatt i bruk:	
Bygningsendringskode:		Bruttoareal bolig:	0	Har heis:	Nei	Midlertidig brukstillatelse:	
Bygningstype:	Enebolig	Bruttoareal annet:	0			Ferdigattest:	
Næringsgruppe:		Bruttoareal totalt:	0			Bygning godkjent for riving/brenning:	28.06.2019
Bygningsstatus:	Bygning revet/brent	Alternativt areal:	0			Bygning revet/brent:	23.09.2020
Energikilder:		Alternativt areal 2:	0				
Oppvarming:							

Etasjer

Etasje	Antall boenheter	BRA bolig	BRA annet	BRA totalt	BTA bolig	BTA annet	BTA totalt	Alt. areal	Alt. areal 2
H01	1	0	0	0	0	0	0	0	0

Bruksenheter

Adresse	Bruksenhetsnummer	Bruksenhetstype	Bruksareal	Ant. rom	Kjøkkentilgang	Bad	WC	Matrikkelenhet
	H0101	Bolig	0	0		0	0	51/12


SEFRAK-minne

«SEFRAK er en forkorting for SEkretariatet For Registrering Av faste Kulturminner. Dette sekretariatet hadde ansvaret for en landsomfattende registrering av eldre bygninger. Et omfattende feltarbeid ble gjort i perioden 1975-1995. I dag er det Riksantikvaren som administrerer SEFRAK i samarbeid med fylkeskommunene. På <https://www.ra.no/> finnes mer informasjon om SEFRAK og om tilgang på den informasjonen som er registrert.»

SEFRAK-ID	Kulturminnebetegnelse
1238 8 119	VÅNINGSHUS, LAUPSA, ØYSTESE

Oversiktskart for 51 / 12


Målestokk 1:1 000
EUREF89 UTM Sone 32



Teig 1 (Hovedteig)

51 / 12

Målestokk 1:250
EUREF89 UTM Sone 32



Areal og koordinater

Areal: 556,5

Arealmerknad: Hjelpelinje vannkant

Representasjonspunkt:

Koordinatsystem: EUREF89 UTM Sone 32

Nord: 6697209

Øst: 347401

Grensepunkt / Grenselinje

Ytre avgrensing

Løpenr	Nord	Øst	Grensemerke nedsatt i / Lengde (m)	Grensepunkttype / Linjeinformasjon	Målemetode	Nøyaktighet (SD i cm)	Radius
1	6697191,02	347402,94	22,98	Umerket Hjelpelinje vannkant	24 Digitalt stereoinstrument	36	36
2	6697207,41	347386,90	2,03	Umerket	69 Beregnet	13	
3	6697208,58	347388,56	9,29	Fjell Offentlig godkjent grensemerke	91 GNSS: Kodemåling, relative målinger	13	
4	6697213,90	347396,18	9,45	Jord Offentlig godkjent grensemerke	91 GNSS: Kodemåling, relative målinger	13	
5	6697221,56	347390,64	12,86	Jord Offentlig godkjent grensemerke	91 GNSS: Kodemåling, relative målinger	13	36
6	6697228,82	347401,26	14,32	Umerket	91 GNSS: Kodemåling, relative målinger	13	
7	6697216,53	347408,61	4,66	Annen detalj	82 Frihåndstegning: Direkte innlagt på skjerm	1000	
8	6697212,84	347411,46	7,78	Annen detalj	82 Frihåndstegning: Direkte innlagt på skjerm	1000	
9	6697207,57	347417,18	4,71	Umerket	55 Digitalisert på dig.bord fra strek-kart: Papirkopi	36	
10	6697203,99	347414,12	17,12	Umerket	55 Digitalisert på dig.bord fra strek-kart: Papirkopi	36	



NOTAT

Ikkje offentleg jf. offl.

Dato: 13.03.2024

Frå Bente Valland Bovim

Vår ref: DokumentID 24/7963

Habilitetsvurdering

Bakgrunn for saka:

I e-post av 1. mars 2024, som gjeld klage på byggesak for eigedom gnr. 51 bnr. 12 og bnr. 160. Klagar skriv på vegen av eigar av naboeigedom gnr. 51 bnr. 2. I klaga er det stilt spørsmål til habilitet for sakshandsamar Bjørn Vik.

Det er kome påstand om at Bjørn Vik kan vera inhabil grunna i at hans far for lang tid tilbake var involvert i ein reguleringsplan for gnr. 51 bnr. 2. Denne reguleringsplanen stranda. Klagar stiller spørsmålsteikn ved om Bjørn Vik kan bera nag som fylgje av at han meiner at faren kan ha tapt/brukt pengar på reguleringsplanen, som det aldri vart noko av, eller om Vik meiner at faren skulle hatt godtgjersle for tenestene. Vidare om dette kan medverka til at han har gjeve løyver til gnr. 51 bnr. 12 og bnr. 160 utan at det er stilt krav og spørsmål. Løyva skal slik klagar ser det ha krenka rettane til gnr. 51 bnr. 2.

Gjeldande rett:

Det føl av forvaltningslova § 6, der det står som fylgjer:

En offentlig tjenestemann er ugild til å tilrettelegge grunnlaget for en avgjørelse eller treffe avgjørelse i en forvaltningssak

- a. Når han selv er part i saken;
- b. Når han er i slekt eller svogerskap med en part i opp- eller nedstigende linje eller i sidelinje så nær som søsken;
- c. Når han er eller har vært gift med eller er forlovet med eller er fosterfar, fostermor eller fosterbarn til en part etter at saken begynte;
- d. Når han er verge eller fullmektig for en part i saken eller har vært verge eller fullmektig for en part etter at saken begynte;

- e. Når han leder eller har ledende stilling i, eller er medlem av styret eller bedriftsforsamling for
1. et samvirkeforetak, eller en forening, sparebank eller stiftelse som er part i saken, eller
 2. et selskap som er part i saken. Dette gjelder likevel ikke for person som utfører tjeneste eller arbeid for et selskap som er fullt ut offentlig eid og dette selskapet, alene eller sammen med andre tilsvarende selskaper eller det offentlige, fullt ut eier selskapet som er part i saken.

Likeså er han ugild når andre særegne forhold foreligger som er egnet til å svekke tilliten til hans upartiskhet; blant annet skal legges vekt på om avgjørelsen i saken kan innebære særlig fordel, tap eller ulempe for ham selv eller noen som han har nær personlig tilknytning til. Det skal også legges vekt på om ugildhetsinnsigelse er reist av en part.

Er den overordnede tjenestemann ugild, kan avgjørelse i saken heller ikke treffes av en direkte underordnet tjenestemann i samme forvaltningsorgan.

Ugildhetsreglene får ikke anvendelse dersom det er åpenbart at tjenestemannens tilknytning til saken eller partene ikke vil kunne påvirke hans standpunkt og verken offentlige eller private interesser tilsier at han viker sete.

Rekkevidden av annet og fjerde ledd kan fastlegges nærmere ved forskrifter som gis av Kongen.

Vurdering:

Ut frå dei opplysningane eg har fått frå dykk i saka har Bjørn Vik hatt lite kjennskap til faren si involvering i det tidlegare arbeidet med reguleringsplanen. Faren døydde for fleire år sidan, og han er ikkje kjend med om det har vore konflikt mellom faren og eigar av gnr. 51 bnr. 2 i høve reguleringsplanen som ikkje vart noko av. Faren har aldri hatt eigarskap i gnr. 51 bnr. 2.

Det er etter dette klart at forvaltningslova § 6 fyrste ledd ikkje kjem til anvendelse, då verken Bjørn Vik eller faren er å sjå som part i saka.

Vurderinga vert då etter forvaltningslova § 6 andre ledd, om andre særeigne tilhøve som kan vera eigna til å svekka tilliten til hans upartiskheit. Her skal det mellom anna leggjast vekt på om avgjerda i saka kan innebera særskilt fordel, tap eller ulempe for han eller nokon han har nær personleg tilknytning til. Det skal og leggjast vekt på om ein part har sett fram inhabilitetsinnvending.

I denne saka er det klart at representant for eigar av naboeigedom til den saka omhandlar har reist spørsmål om habilitet. Det er likevel vanskeleg å sjå at det skal kunne ligga føre inhabilitet i denne saka.

Eg kan ikkje sjå at saka på noko vis kan innebera ein særskilt fordel, tap eller ulempe for Bjørn Vik, eller at det skulle hatt noko påverknad for far han, som er død for mange år tilbake. I og med at han heller ikkje har hatt noko særleg kjennskap til arbeidet faren var involvert i for lang tid tilbake, og ikkje er kjend med verken konflikt eller at det skal vera tale om tap av pengar, er det svært vanskeleg å sjå at det skal vera grunnlag for å tru at han ber nag til eigar av gnr. 51 bnr. 2, og på eit slikt vis at det vil påverka hans avgjerd i sak for eigedom gnr. 51 bnr. 12 og bnr. 160 i den hensikt å krenka rettane til gnr. 51 bnr. 2.

Etter det eg er opplyst er det heller ikkje noko i sakshandsaminga som skulle tilsei at det ligg føre inhabilitet.

Konklusjon:

Bjørn Vik er vurdert å ikkje vera inhabil til å handsame byggesaka på gnr. 51 bnr. 12 og bnr. 160.

Mottakarar:

Heidi Ørjansen



Saksframlegg

Saksnr: 2023/430-8
Saksbehandlar:Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kvam herad, Kontrollutvalet	13/24	17.04.2024

Rådmannen orienterer om oppfølging av nummerert brev nr. 16 frå Deloitte

Forslag til vedtak

